



Årsmelding 2021

Øygarden kommune



Innhold

Kommunedirektøren si innleiing	3
Viktige hendingar i 2021.....	5
Politisk og administrativ organisering	8
Folketalsutvikling og folkehelse	11
Økonomi	14
Overordna mål og satsingar	25
Oppfølging av politiske saker	29
Verksemdstyring og internkontroll	34
Kommunen som arbeidsgjevar.....	46
Politisk	54
Kommunedirektør	55
Økonomi og organisasjon.....	56
Helse og velferd.....	63
Oppvekst.....	72
Kultur og samfunn	82

Kommunedirektøren si innleiing

Med dette vert Øygarden kommune si årsmelding for 2021 lagt fram til politisk behandling. Årsmeldinga gjer greie for drifta av kommunen i 2021. I tillegg til oversikt over den økonomiske utviklinga, inneheld årsmeldinga også mellom anna ei oversikt over dei viktigaste hendingane i året, likestilling og mangfald, internkontroll, HMS mm. Årsmeldinga føreligg både som eit tradisjonelt tekstdokument og i ei elektronisk utgåve.



Årsrekneskapen for 2021 viser eit negativt netto driftsresultat på kr 10 mill (-0,3 % av brutto driftsinntekter). Til samanlikning var resultatet i 2020 eit negativt driftsresultat på kr 14,5 mill og resultatet i 2019 eit negativt netto driftsresultat på kr 121 mill.

Koronapandemien har også sett sitt preg på organisasjonen i 2021 på same måte som i 2020. Pandemisituasjonen og økonomiske konsekvensar som følgje av denne, blei gitt særskilt omtale i kvartalsrapportane i løpet av året. Hausten 2021 vart det ein betre utvikling i arbeidsmarknaden enn forventa. Dette saman med tilpassingar til eit høgare nivå på skatt på utbytte frå 2022 bidrog til ein sterk auka i skatteinntektene for heile landet og også for Øygarden kommune. Skatteauken for Øygarden kommune vart til slutt 15 % frå 2020 til 2021. I same periode hadde landet ei skatteauke på 16 %.

Dispositionsfondet er etter inndeikning av meirforbruk i 2021 på kr 73,5 mill. Ein kommune av vår storleik bør ha om lag kr 300 mill i dispositionsfond for å ha nok reserver til å takla svingingar i økonomien.

Øygarden kommune sin økonomiske situasjon er framleis krevjande på grunn av høg lånegjeld og lågt dispositionsfond. Det er teke grep med å redusera talet på årsverk i 2021 gjennom sluttakk. Når sluttakkane er ferdig betalt i løpet av 2022 er kostnadane kr 40 mill lågare enn i dag. Ein berekraftig økonomi fordrar i tillegg at ein held fokuset på dei økonomiske måltala og ein effektiv organisasjon. Kommunedirektøren meiner at kommunen er på rett veg, men at det framleis gjenstår krevjande økonomiske prioriteringar før vi kan friskmelda kommuneøkonomien.

Samfunnsdelen til kommuneplanen vart sendt på høyring i slutten av 2021, og vart vedteke i kommunestyret 24. mars 2022. Samfunnsdelen er vårt felles verktøy for å byggja Øygarden kommune - eit fyrtårn i vest. Ambisjonen er at vi saman skal skapa ein god plass å bu, der alle, uavhengig av alder og funksjonsnivå, opplever god livskvalitet. Samfunnsdelen til kommuneplanen er styrande for økonomiplanane i åra framover. Økonomiplanen utgjer handlingsdelen til



komuneplanen, og øvrige planar. I øvrige planar vert mål, delmål og strategiar konkretisert. Einingane vil følgje opp måla i verksemdsplanar.

Til slutt vil eg takka alle leiarar og tilsette som har stått på for Øygarden kommune det siste året. Eg er imponert over det gode arbeidet som blir gjort kvar dag i organisasjonen. Øygarden kommune skal vera ein tilretteleggjar for næringslivet, ein ansvarleg samfunnsbyggjar og ein god tenesteleverandør. Ein sunn kommuneøkonomi gir oss større handlingsrom for å satse på utvikling og å kunne gjera nødvendige investeringar i framtida.

Straume, 31.03.2022

Johnny Breivik
Kommunedirektør

Viktige hendingar i 2021

2021 baud på mange og ulike hendingar. Nedanfor har vi omtalt nokre av desse (lista er ikkje uttømmande).



Vaksinasjon mot koronaviruset



Sotra arena vart nytta som hovudlokale for vaksinasjon. I januar vart den første vaksinedosen sett på 97 år gamle Brita Nesse. Pr. februar 2022 er vaksinasjonsgraden blant dei nesten 39 000 innbyggjarane i Øygarden kommune slik:

- 29.417 personar har tatt første dose
- 27.239 av desse har også tatt andre dose
- 18.589 av desse har tatt tredje dose (oppfrisking)

Pr. mars 2022 er det i underkant av 15 000 øygardingar som har fått påvist koronasmitte sidan pandemien kom hit i mars 2020.

Oppstart arbeid med Northern Lights-prosjektet i Energiparken

I januar starta arbeidet med Northern Lights-prosjektet. Prosjektet vil ha stor betydning for både Øygarden kommune og Noreg som nasjon i høve arbeidet mot det grøne skiftet, og omhandlar m.a. karbonfangst, skipstransport og lagring av CO₂. I mai la statsminister Erna Solberg ned grunnsteinen for administrasjonsbygget til Northern Lights, og i november vitja tidlegare olje- og energiminister Marte Mjøs Pedersen anlegget.



Øygarden - eit demensvennleg samfunn



Den 23. mars underteknade Øygarden kommune og Nasjonalforeningen for folkehelse ein samarbeidsavtale, som slår fast at Øygarden er eit demensvennleg samfunn.

Endringar i toppleiringa og i administrativ organisering

Rune Lid fråtredde stillinga som kommunedirektør i Øygarden kommune med verknad frå 21. mai.

Rune Landro, som var konstituert kommunalsjef for Kultur og samfunn, gjekk inn som konstituert kommunedirektør.

Johnny Breivik vart tilsett som kommunedirektør i Øygarden av Kommunestyret 28. oktober, og byrja i stillinga i februar 2022.

Anne Erdal, som var kommunalsjef for Økonomi, vart i mai tilsett som kommunalsjef for Økonomi og organisasjon. Som følgje av omorganisering, vart to kommunalsjefområde slått saman til eitt kommunalsjefområde.

Samarbeidsavtale med SINTEF

Den 21. juni signerte ordførar Tom Georg Indrevik og konsernsjef i SINTEF, Alexandra Bech Gjørv, samarbeidsavtalen mellom Øygarden kommune og SINTEF. Det var også digitalt arbeidsseminar på Teams med nærmere 40 deltakrar fordelt på tre sesjonar. I november vart det gjennomført ein søkekonferanse i regi av SINTEF på rådhuset. Føremålet med samarbeidet er å identifisere område for økonomiske innsparinger og tenesteutvikling.

Storbrannar i juni

Tidleg i juni var det ein stor lyngbrann nord på Sotra. Brannen blussa opp igjen etter nokre dagar. Fleire hundre personar måtte evakuerast, og eitt hus og ei hytte brende ned i brannen.

22. juli-minnemarkering



Rundt 60 personar var samla ved minnestøtta ved Stranda skule den 22. juli for å markera at det var 10 år sidan terrorangrepet mot regjeringskvartalet og AUF-leiren på Utøya. Det vart lagt ned fleire kransar. Biletet viser leiar i Vestland AUF, Endre Toft, som legg ned krans.

Overordna samarbeidsavtale med Høgskulen i Vestland (HVL)

Den 13. august signerte leiinga på Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Øygarden kommune ein overordna samarbeidsavtale. Føremålet med avtalen er å formalisere og vidareutvikle det overordna forpliktande og langsiktige samarbeidet mellom HVL og Øygarden kommune.



Øygarden nummer ni i Vestland fylke på NHO-barometer

Øygarden enda som nummer ni på Kommune-NM-barometeret til NHO. På landsbasis hamna Øygarden på 54. plass. NHO har rangert kommunane etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på

næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Talgrunnlaget er frå 2021

Krigsmarkerigar i Klokkarvik og Rong



Laurdag 25. september var det to krigsminnemarkeringar i Øygarden. I Klokkarvik var det opning av amfi og avduking av eit minnesmerke for å markera kva som skjedde då tyskarane hærtok Noreg den 9. april og skulle passera Lerøyosen. I Fjordparken på Rong vart krigshelten Jakob Strandheim heidra med avduking av minnestein. Strandheim, som døydde 15. oktober, var ein del av Shetlandsgjengen som frakta agentar, flyktningar og våpen mellom Vestlandet og Shetland.

Storebrand som pensjonsleverandør

Den 30. september vedtok kommunestyret at Storebrand Livsforsikring skal vera pensjonsleverandør for forsikra løysing, for Øygarden kommune med verknad frå 1. januar 2022.

Utkast til samfunnsplan på høyring

Kommunestyret vedtok den 28. oktober å leggja utkast til samfunnssdelen til kommuneplanen for Øygarden 2022-2034 ut til offentleg høyring. I høyringsperioden var det fleire digitale arrangement der innbyggjarar og lokale aktørar kunne gi tilbakemelding og koma med merknader til høyringsutkastet.



Grunnleggjande element i planen er berekraft, kommunen som samfunnsutviklar og senterstruktur. Planen låg ute til offentleg høyring til 12. januar 2022 og vart vedtatt i kommunestyret 24. mars 2022.

Budsjettet i hamn




Den 16. desember kunne ordførar Tom Georg Indrevik slå klubba i bordet og med det markera at budsjettet for 2022 og økonomiplanen for 2022-2025 var vedtatt. Det var framlegg til fleirtalspartia Høgre, Frp, Sotralista, KrF og Venstre som vart vedteke. Budsjettet har ei ramme på 2,9 milliardar kroner. Det skal investerast for 174 millionar kroner

Politisk og administrativ organisering



Politisk organisering

Følgjande politiske styringsstruktur er vedteke for Øygarden kommune:



Kommunestyret utgjer den politiske leiinga i kommunen. Kommunestyret har 45 medlemmer frå følgjande parti: Høgre (10), Arbeiderpartiet (8), Sotralista (5), Folkeaksjonen Nei til mer bompengar (4), Kristeleg Folkeparti (4), Fremskrittspartiet (4), Senterpartiet (4), Miljøpartiet De Grønne (2), Sosialistisk Venstreparti (2), Venstre (1), Raudt (1).

Formannskapet er kommunen sitt økonomiutval. Ansvars- og oppgåvefordeling mellom utvala går fram av det politiske delegeringsreglementet.

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegne føra tilsyn med heile den kommunale verksemda. Sekretariatstenester vert kjøpt frå Hordaland fylkeskommune.

Administrativ organisering


Øygarden kommune er organisert med to fullmaktsnivå (to-nivåmodell). Delegasjon knytt til fag, personell og økonomi vert i ein to-nivåmodell lagt til einingsleiarane. Prinsippet er at mynde til å ta avgjerd skal takast nærest mogleg brukar.

Einingsleiarane er ansvarlege for sine einingar innan rammene av dei fullmakter som er delegert frå kommunedirektøren. Det administrative delegeringsreglementet byggjer på det politisk delegeringsreglementet, som begge er vedtekne i kommunestyret. Stab- og støttefunksjonar er samla i større fagmiljø, og skal gje råd og støtte både til fullmaktsnivå 1 og 2. Einingane skal ha sterke fagmiljø, og byggja på prinsippet om myndiggjorte medarbeidarar og at avgjerd vert teke nærest mogleg brukar. For å unngå «gråsoner» må samarbeid og samhandling på tvers i organisasjonen sikrast og styrkast.

Det er totalt 64 einingsleiarar (rektorar, barnehagestyrarar, styrar ved sjukeheimar, heimetenester, kultur, byggesak mv) og seks leiarar av stabsavdelingar i organisasjonen.

Det vart gjennomført ein evaluering av kommunalsjefområda Organisasjon og digitalisering og Økonomi hausten 2020. Som oppfølging av evalueringsrapportane vart det gjort organisatoriske endringar. Organisasjon og digitalisering og Økonomi vart slått saman til eitt kommunalsjefsområde - Økonomi og organisasjon. Denne organiseringa vart gjort gjeldande frå 15.06.2021. Leiargruppa til kommunedirektøren gjekk då frå å vere fem til fire kommunalsjefar.

Øygarden kommune har følgjande administrative organisering frå 15.06.2021:



Organisasjonskart for kommunalsjefområda

Her kan du lesa meir om organiseringa innan kommunalsjefområda:

[Oppvekst](#)

[Helse og velferd](#)

[Kultur og samfunn](#)

[Økonomi og organisasjon](#)

Kommunale aksjeselskap og kommunale føretak

Delar av den kommunale drifta er lagt til kommunale føretak eller aksjeselskap. Vatn, avlaup og renovasjon er organisert i ØyVAR AS. I tillegg er det oppretta tre kommunale føretak: Øygarden brann og redning KF, Øygarden bustadutvikling KF og Øygarden næringsutvikling KF.

Det er viktig å sikra eit godt samarbeid med Øygarden brann og redning knytt til beredskap og kriser.

Gjennom Øygarden næringsutvikling KF vil kommunen leggja til rette for framtidsretta samfunns- og næringsutvikling som sikrar attraktivitet og vekst i heile kommunen. Kommunen samarbeider og gjev tilskott til ulike aktørar, mellom anna Vest næringsråd, Grunderparken Vest, Bergen og omland Havn AS og Trigger.

Øygarden bustadutvikling KF forvaltar kommunale utleigebustader frå dei tre gamle kommunane. Det pågår arbeid med å finna gode samarbeidsformer mellom kommunen som tenesteytar og tildelar, og Øygarden bustadutvikling KF som forvaltar av eigedomane. I tillegg har Bustadstiftinga om lag 400 utleigebustader, plassert i tidlegare Fjell kommune, som er til utleige til vanskelegstilte på bustadmarknaden.


Eigarskapsmelding for Øygarden kommune skal utarbeidast.

Folketalsutvikling og folkehelse



Folketalsutvikling 4. Kvartal 2021.

	2018	2019	2020	2021
Folketal ved inngangen av kvartalet	37 687	38 117	38 316	38 664
Fødde	458	391	448	464
Døde	193	233	215	227
Fødselsoverskot	265	158	233	237
Innvandring	204	199	170	218
Utvandring	150	138	67	183
Innflytting, innanlands	1 863	1 885	1 653	1 687
Utflytting, innanlands	1 755	1 904	1 641	1 590
Netto innvandring og flytting	162	42	115	132
Folkevekst	430	199	348	368
Folketalet ved utgangen av kvartalet	38 117	38 316	38 664	39 032




Tabell og graf viser folketalsutviklinga per kvartal i perioden 2018-2021. For 2018 og 2019 er det den samla folketalsutviklinga i tidlegare Fjell kommune, tidlegare Sund kommune og tidlegare Øygarden kommune som er vist. Folketalet viser ein auke på 368 personar i 2021 (0,95 %). Til samanlikning var folketalsauken 0,91 % i 2020. Ved utgangen av året 2021 bur det 39 032 personar i Øygarden kommune.

Folketalsutviklinga er avgjerande for Øygarden kommune sine frie inntekter (skatt og rammetilskot).

Tala er henta frå tabell 01222 i SSB.

Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen

Alder



Kilde:

Befolking, Statistisk sentralbyrå

Sjå elles Statistisk sentralbyrå: [Kommunefakta](#)

Folkehelse

Folkehelse handlar om ei samfunnsutvikling som fremjar helsa og livskvaliteten i befolkninga, og utjamnar sosiale forskjellar i helse. Det viktigaste folkehelsearbeidet skjer utanfor helsesektoren, med mange faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa i befolkninga. Døme på dette er gode og inkluderande oppvekstvilkår, trygge og tilgjengelege bustadar, reint og trygt drikkevatn og lokalsamfunn som fremjar sosiale og fysiske aktivitetar. Folkehelse er slik sett noko som omhandlar heile organisasjonen, og som krev at vi tenker helse i alt vi gjer.

Folkehelselova som kom i 2012 pålegg alle kommunar å utarbeida ei skriftleg folkehelseoversikt kvart fjerde år. Lova har bidrige til at folkehelsearbeidet har fått auka merksemd, og skal leggast til grunn for planarbeidet i kommunen.

Utført arbeid

Folkehelseoversikta for Øygarden kommune vart ferdigstilt på nyåret 2020, og har vore eit viktig kunnskapsgrunnlag for den nye kommunen.

Folkehelseoversikta viser at det for folk flest er godt å bu og leva i Øygarden kommune. Vi har høgare forventa levealder enn landet elles, færre som lever med låg inntekt over tid og tilgang til flott natur og rekreasjonsområde. Samstundes har vi utfordringar som til dømes lågare utdanningsnivå og færre som gjennomfører vidaregåande utdanning enn resten av landet. Fleire unge i Øygarden kommune har psykiske vanskar, og er mindre nøgde med si eiga helsa og sitt lokalmiljø.

Følgjande skal arbeidast med vidare

Folkehelse og helsefremjande samfunnsutvikling utgjer ein sentral del av samfunnsdelen til kommuneplanen. Måla og strategiane i samfunnsdelen er retta mot å møta utfordringar som er nemnt ovanfor, og å gjera meir av det som bidreg til god helse, livskvalitet og ei helsefremjande samfunnsutvikling. I oppfølginga av samfunnsdelen skal vi arbeida med å betra folkehelsa i kommunen gjennom å betra fleire faktorar som påverkar folkehelsa. Medverknad og innbyggjarinvolvering vil vera viktige grep i dette arbeidet. I 2022 skal det også arbeidast med å betra det tverrsektorielle folkehelsearbeidet. Dette inneber meir samhandling kring viktige moglegheiter og utfordringar, og auka merksemd på folkehelse. Arbeidet med KPI og nøkkeltal vil også spela ei viktig rolle i å førebu rulleringa av folkehelseoversikta fram mot 2023.

Økonomi



Økonomiske handlingsreglar

Ifølgje Kommunelova § 14-2 pkt c) skal alle kommunar vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi. Øygarden kommune har vedtatt følgjande økonomiske handlingsreglar:

- Netto driftsresultat 1,75 % av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond 5 % av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld skal ikkje overstiga 100 % av brutto driftsinntekter

Måla bør vera nådd seinast innan 31.12.2023.

Resultata for 2021 viser følgjande:

	Mål	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021
Netto driftsresultat	1,75 %	-4,7 %	-0,5 %	-0,3 %
Disposisjonsfond	5 %	3,6 %	2,7 %	2,3 %
Lånegjeld	100 %	100,7 %	104,1 %	86,7 %

Netto driftsresultat er framleis negativt i 2021, men er betra i forhold til 2019 og 2020.

Disposisjonsfondet er redusert i forhold til 2019 og 2020, noko som skuldast at kommunen har gått med underskot. Årsaka til at lånegjelda i 2021 er redusert til 86,7 % i 2021 er at midlar overført frå ØYVAR i samband med overtaking av anleggsmidlar frå tidlegare Øygarden er brukt til nedbetaling av gjeld knytt til anleggsmidlane.

Koronarekneskap

Øygarden kommune har i 2021 motteke kr 84,2 mill over rammetilskotet til dekning av utgifter i samband med koronasituasjonen. Midlane har dekka dei utgiftene som kommunen har hatt. I tillegg er det bevilga kr 35,3 mill i øyremerka tilskot. Hovuddelen, kr 24,6 mill, av dei øyremerka midlane er midlar til kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemder.

Sentrale inntekter

	Rekneskap 2020	Opph. bud.	Rev.bud. 2021	Rekneskap 2021	Avvik i kr
Frie disponible inntekter					
Rammetilskot	-1 115 044	-1 042 400	-1 128 362	-1 164 467	36 105
Inntekts- og formuesskatt	-1 073 322	-1 156 100	-1 165 100	-1 234 238	69 138
Eigedomsskatt	-159 227	-157 500	-157 500	-159 080	1 580
Andre generelle driftsinntekter	-108 944	-49 176	-49 176	-54 592	5 416
Sum Frie disponible inntekter	-2 456 537	-2 405 176	-2 500 138	-2 612 378	112 240

Rammetilskot

Øygarden kommune sine driftsinntekter er samansett av inntekts- og formuesskatt, eigedomsskatt, rammetilskot frå staten og øvrige driftsinntekter som vert inntektsført direkte i einingane.

Rammetilskotet for 2021 er bokført med kr 1 164,5 mill, noko som er kr 36,1 mill høgre enn revidert budsjett, og kr 130,7 mill høgre enn i 2020.

Inntekts- og formuesskatt

Skatteinntektene er bokført med kr 1 234,2 mill i 2021. Dette er kr 39,1 mill høgre enn revidert budsjett. I 2020 var skatteinntektene kr 1 126,6 mill.

Øygarden kommune har eit skattenivå på 87,8 % av landsgjennomsnittet. Frå 2020 til 2021 var det ein skatteauken på 15 %. I same periode hadde landet ein skatteauke på 16 %. Årsaka til skatteveksten er truleg ein betre utvikling i arbeidsmarknaden i fjar haust enn forventa samt tilpassingar til eit høgare nivå på skatt på utbytte frå 2022 skriv regjeringa.

Eigedomsskatt

Øygarden kommune skrev i 2021 ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova (esktl) § 3 første ledd, berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

I tillegg skreiv kommunen ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" etter overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget var i 2021 lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er rekna som næringseigedom.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2021 var 7 promille for skatteobjekt i gamle Øygarden kommune, 6 promille for skatteobjekt i gamle Fjell kommune og 5 promille i gamle Sund kommune.

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vart vedteke i kommunestyret 19.12.2019.

Øygarden kommune har fleire klagesaker på eigedomsskatt til handsaming som skriv seg frå gamle Øygarden kommune. Dersom klagar får medhald kan det gi store økonomiske konsekvensar for den nye kommunen, både i form av eventuell tilbakebetaling av innbetalt skatt, og framtidige eigedomsskatteinntekter. Det vart inngått forlik i ei sak der kommunen var stemna for retten.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. bud.	Rev.bud. 2021	Rekneskap 2021	Avvik i kr
Finansinntekter/-utgifter					
Renteinntekter	-19 288	-14 120	-14 120	-15 023	903
Utbytte	-22 196	-9 080	-27 380	-27 418	38
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidlar	-12 263	-10 000	-10 000	-5 429	-4 571
Renteutgifter	79 418	75 500	75 500	64 497	11 003
Avdrag på lån	110 876	90 000	90 000	101 288	-11 288
Sum Finansinntekter/-utgifter	136 546	132 300	114 000	117 916	-3 916

Utbytte

Totalt mottok Øygarden kommune utbytte på kr 27,4 mill i 2021 (kr 22,2 mill i 2020). Heile utbyttet i 2021 er frå BKK. I 2020 var utbyttet fordelt med kr 20,6 mill frå BKK og kr 1,6 mill frå BIR.

Øygarden kommune har ein eigarandel på 3,43 % i BKK.

Renteutgifter

Renteutgifter er i rekneskap 2021 bokført med kr 64,5 mill, noko som er kr 11 mill mindre enn revidert budsjett. I 2020 var renteutgiftene kr 79,4 mil.

Våren 2020 reduserte Noregs Bank styringsrenta til 0 %. Formålet var å dempa det økonomiske tilbakeslaget som følgje av koronapandemien. Utover i 2021 blei forholda i norsk økonomi meir normale, og frå hausten 2021 blei renta gradvis heva igjen, først til 0,25 % i september og deretter til 0,5 % i desember.

Avdrag på lån

Det er i 2021 betalt ordinære avdrag på lån med kr 101,3 mill som er kr 11,3 mill meir enn budsjettet. I 2020 blei det betalt kr 110,9 mill i avdrag. I tillegg er det betalt kr 164,9 mill i ekstraordinære avdrag på lån og kr 12,1 mill i avdrag på startlån i investeringsrekneskapen.

Ein stor del av driftsinntektene vert brukt til å betala renter og avdrag. I 2021 utgjer dette til saman kr 165,8 mill (kr 190,3 mill i 2020).

Lånegjeld

Ved utgangen av 2021 er total lånegjeld kr 3,74 mrd. Det vart i løpet av 2021 teke opp nytt lån på kr 120 mill til investeringar og kr 85 mill til startlån i tråd med budsjettvedtak i KS-sak 182/20. Samla låneopptak i 2021 var kr 205 mill.

	2021
Lån til eigne investeringar	3 037 862 277
Lån til vidare utlån (startlån)	693 523 404
Finansielle leigeavtalar	5 731 418
Sum	3 737 117 099

Pensjon

Fellesnemnda gjorde vedtak om at Øygarden kommune skal ha ei forsikra pensjonsløysing i sak 73/18 i Fellesnemnda. Etter at pensjonsordninga hadde vore ute på anbod valde fellesnemnda KLP som pensjonsleverandør i sak 61/19. Fjell kommunale pensjonskasse vart etter søknad til Finanstilsynet avvikla i løpet av 2020.

Opptent eigenkapital inklusiv risikoutjamningsfond på kr 2,4 mill vart overført til Øygarden kommune sitt premiefond i KLP med totalt kr 32,6 mill. Innskutt eigenkapital på kr 54,4 mill vart overført til Øygarden kommune.

Eigenkapitalinnskot i Klp var på kr 4,9 mill i 2021. I 2020 var eigenkapitalinnskotet kr 5,3 mill.

Rekneskapsføringa av pensjon følgjer forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner § 3-5. Reglane inneber at det ikkje er den betalte pensjonspremien som skal rekneskapsførast, men berekna pensjonskostnadar og premieavvik. Berekingane byggjer på fastsette føresetnadar.

PENSJONSKOSTNADER OG PREMIEAVVIK	2020	2021
Årets opptjening	150 659 398	165 129 102
Rentekostnad	100 145 042	81 884 259
Brutto pensjonskostnad	250 804 440	247 013 361
Forventet avkastning	- 106 054 145	- 94 366 896
Netto pensjonskostnad	144 750 295	152 646 465
Sum amortisert premieavvik	31 844 721	28 277 180
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	9 058 909	7 852 338
Samlet kostnad (inkl. administrasjon)	185 653 925	188 775 983

PREMIEAVVIK	2020	2021
Innbetalt premie/tilskudd (inkl. adm.)	128 499 786	117 946 209
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	-9 058 909	-7 852 338
Netto pensjonskostnad	-144 750 295	-152 646 465
Premieavvik	-25 309 418	-42 552 594

Pensjonskostnadane for 2021 er bokført med totalt kr 152,6 mill, mens premieavviket er kr 42,6 mill.

Hausten 2021 var pensjonsordninga ute på anbod. Storebrand vann anbodskonkuransen og er frå 2022 ny pensjonsleverandør for Øygarden kommune. Sjukepleiarar skal framleis vera forsikra i Klp og lærarane i Spk jf. hovudtariffavtalen.

Plasseringar

Øygarden kommune har plasseringar i anleggsobligasjonar, omløpsobligasjonar, obligasjonsfond og aksjefond.

Oversikta under viser plasseringane:

	2019	2020	2021
DnB	133 311	140 271	142 586
C WorldWide	130 997	136 301	139 414
Sum	264 309	276 572	282 001

Per 31.12.2021 var plasseringane på totalt kr 282 mill. Aksjeeksponeringa er på totalt 8,1 % av porteføljen. I 2021 har plasseringane hatt ei avkastning på kr 5,4 mill, noko som utgjer 1,96 %.


Eksponeringa i aksjemarknaden for kapitalbehaldninga har vore låg, og det gjer at avkastninga i 2021 har vore tilfredsstillande i ein veldig turbulent periode. Høgare inflasjon bidrog til ein oppgang i det generelle rentenivået, noko som medførte at avkastninga på obligasjonsfond med låg kreditrisiko blei negativ.

Øygarden kommune har som målsetjing at ein skal oppnå tilfredsstillande avkastning utan at kommunen tek vesentleg finansiell risiko. Forvaltning av kapitalfondet har i 2021 vore gjennomført i tråd med dette. Forvaltninga har vore utførd av C WorldWide og DNB.

Fond

	Rekneskap 31.12. 2019	Korrigert for res. 19	Rekneskap 31.12. 2020	Rekneskap 31.12. 2021
Disposisjonsfond	148 706 346	110 352 809	80 685 359	73 459 009
Bundne driftsfond	43 969 655	43 969 655	59 162 013	56 362 814
Ubundne investeringsfond	78 703 019	78 703 019	343 349 069	99 785 345
Bundne investeringsfond	12 589 009	12 589 009	29 031 913	50 265 431
Sum	283 968 030	245 614 493	512 228 354	279 872 599

Tala for 2019 gjeld summen av dei tre tidlegare kommunane Sund, Fjell og gml. Øygarden.



Likviditet

(tal i heile tusen kr)

	2019	2020	2021
Omløpsmidlar	1 023 947	1 156 302	1 084 755
Kortsiktig gjeld	525 052	397 464	539 638
Arbeidskapital	498 895	758 838	545 117
Likviditetsgrad 1	1,95	2,91	2,01
Likviditetsgrad 2	0,95	1,52	1,43
Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter	16,4 %	25,5 %	17,1 %

Forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld vert kalla likviditetsgrad. Likviditetsgraden fortel noko om kommunen sin evne til å dekka sine kortsiktige forpliktingar. Likviditetsgrad 1 (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) bør vera over 2. For Øygarden kommune er dette nøkkeltalet redusert frå 2,91 per 31.12.2020 til 2,01 per 31.12.2021.

Likviditetsgrad 2 er forholdet mellom dei mest likvide omløpsmidlane og kortsiktig gjeld. Dei mest likvide omløpsmidlane er kasse, bank og marknadsbaserte plasseringar som er klassifisert som omløpsmidlar. Likviditetsgrad 2 bør vera over 1. For Øygarden kommune er dette nøkkeltalet redusert frå 1,52 per 31.12.2020 til 1,43 per 31.12.2021.

Både likviditetsgrad 1 og likviditetsgrad 2 er redusert i 2021 samanlikna med 2020. Samanlikna med 2019 er likviditeten auka.

Likviditeten varierer mykje gjennom året. DnB var Øygarden kommune sin hovudbank i 2021. Hausten 2020 var avtale om hovudbanksamband ute på anbod. DnB vann anbodet, og det blei inngått ny avtale gjeldande frå 1.4.2021.

KOSTRA hovedtall

	Øygarden 2020	Øygarden 2021	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe	Landet 10 uten Oslo
Økonomi							
Frie inntekter i kroner per innbygger (B)	56 600	61 455	64 371	61 139	61 013	59 133	63 745
Netto driftsresultat (Fylkes-) Kommunekasse Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	-0,5 %	-0,3 %	2,9 %	3,3 %	5,2 %		
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	81 229	71 820	104 460	63 456	53 578	89 354	90 332
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B)	104,1 %	86,7 %	109,5 %	70,7 %	62,0 %	96,5 %	93,3 %

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	Kommentar
Aresta - Kryss del 2 m/kulvert	0	688	0	188	Byggetrinne 1 er i sluttfasen, og ein er godt i gang med byggetrinne 2. Tett dialog med Vegdirektoratet og Statnett.
Aresta - Kryss ink. VA	1 000	25 346	0	17 312	Byggetrinne 1 er i sluttfasen, og ein er godt i gang med byggetrinne 2. Tett dialog med Vegdirektoratet og Statnett.
Arseta - VA Rongøy - sentrumsplass	73 600	7 090	66 643	133	Byggetrinne 1 er i sluttfasen, og ein er godt i gang med byggetrinne 2. Tett dialog med Vegdirektoratet og Statnett.
Bil sone Straume MMNF	1 000	0	1 000	0	Bil er satt i bestilling.
Blomvåg Gravplass	2 000	32	1 967	0	Utsett etter avtale med kyrkja. Arbeid med Fjell kyrkje vert prioritert.
Blomvåg infrastruktur	25 700	1 996	13 777	74	Anlegget er kome godt i gang, og det er lagt ned nytt VA på store deler av strekninga. Anlegget heldt framdriftsplanen.
Blomvåg vest	0	694	0	266	
Blomvågen dagsturhytte	818	923	818	923	Hytta er levert og ligg på lager på Løsjneset.
Brannstasjon Nord - Dalsneset, ombygging	500	26	500	26	Mogleghetsstudie pågår.
Bustader for unge funksjonshemmed prosjektering	1 000	0	1 000	0	
Bustader til andre	0	2	0	2	
Chromebooks	6 000	4 425	3 000	4 425	Ferdigstilt.
Dagsturhytte	0	1 103	0	348	Ferdig. Opna opp for publikum mars/april 2021.
Fjell sjukeheim - Ombygging demens avd.	6 013	29 423	0	7 554	Ferdigstilt. Inkluderer velferdsteknologi. Innanfor opprinnlege politisk vedteke budsjett.
Fjell sjukeheim detektorar og takheisar	0	476	0	476	Tiltaket er gjennomført.
Fjell sjukeheim Tryggleiksalarmer og adgangskontroll (4382)	0	100	0	100	
Fjellsikring	0	488	0	99	
Foldnes skule	1 412	1 891	0	62	Ferdigstilt.
Foldnesvegen BT2	0	41 394	0	20 669	Overtakelse med fylket er gjort. Gjenstår å ordne punkt som vart påpekt på overtakelsessyfaring samt ei siste oppmåling.
Gangveg FV Kolltveit vest (6736)	0	3 093	0	3 093	I sluttfasen av anlegget. Utbyggingsavtale med JM Norge AS.
Grønamyrsvegen - ombygging av sentrumsgate	60 000	0	5 000	0	Må avklara ein del utfordringar med høgder inn mot eksisterande bygg før anbod på prosjektering skal ut på Doffin.
Grønaplassen	21 900	0	21 900	0	
Hjeltefjorden Arena symjehall	20 700	42 753	0	338	Prosjektet er ferdigstilt både inne i symjearena og uteområde.
Hjeltefjorden fjordpark	0	6 448	0	12	Ferdigstilt.
Hjulmaskin	0	68	0	68	

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	Kommentar
IKT investeringar	40 417	14 597	6 000	5 455	Løpende investeringar vert gjort kontinuerleg gjennom året.
Inventar / utstyr	3 900	0	2 650	0	
Kausland kyrkje - tak	3 574	3 403	3 526	3 356	innanfor budsjett. Noko gjenståande reklamasjon og oppfølgingsarbeid våren 2022.
Kjøp av tomter	10 000	7 392	2 000	6 189	
Kjøpmannsvågen - Parkeringsplass FV561	5 500	3 003	4 406	1 909	Kommunen jobber no med å få tinglyst kjøp av grunn. Det gjenstår kun å få opparbeidd ein parkeringslomme for buss oppe ved Fv 561.
Knappskog skule ny varmepumpe	0	640	0	640	Montering av varmepumpe er ferdigstilt. Gått litt over budsjett.
Kommunale kaier - påkostning	600	318	600	318	
Kulturhuset - ny fasade & skytebane	13 400	15 793	0	881	Ferdigstilt.
Kulturhuset - Oppgradering	3 600	1 425	0	151	Ferdigstilt.
Kulvert/ busstopp - Idrettsvegen	12 500	206	12 500	206	Prosjektet er finansiert av Miljøloftet. Er i dialog med grunneigar vedk. kjøp og midlertidithei i samband med omkjøring. Prosjektet er planlagt utlyst på Doffin i 2022.
Ladestasjoner kommunale bygg	0	986	0	50	
Landro gravplass	5 909	1 869	4 040	0	Skjøte for gravplass og ei grensejustering står att. Vert ferdigstilt 3. kvartal 2022.
Liljevatnet barnehage, kulturskule - fase 2	14 100	13 696	14 100	13 696	Innanfor budsjett. Prosjektet er ferdigstilt. Reklamasjon og oppfølgingsarbeid våren 2022.
Lys terapibad	0	123	0	123	Tiltaket er gjennomført.
Miljøretta helsevern(5410)	0	1 772	0	1 772	Tiltaket er gjennomført.
Møblar NAV, nytt bygg Grønamyrsvegen	2 000	447	0	447	
Nordre Sæle sanering	1 234	0	1 234	0	
Ny paviljong	0	3 850	3 808	3 408	Innanfor budsjett. Paviljong er tatt i bruk. Reklamasjon og oppfølgingsarbeid våren 2022.
Klokkarvik barnehage					
Ny skule vestsida - moglekeitstudie	2 500	687	2 500	687	Prosjektet pågår. Ny politisk sak før sommaren 2022.
Ombygging/ rehab. bygg	87 000	0	33 000	0	Midlane er fordelt på ei rekke mindre tiltak med eigne prosjektnr.
Ombygging/rehab bygg	0	2 316	0	2 316	Viser til FS-sak 033/21.
Oprusting kommunale vegar	12 974	1 553	11 968	547	
Overføringsleidning Alvheim - Blomvåg	7 400	2 741	7 177	4	
Parkering, veg og kai Brattholmen skule	0	7 944	0	1 403	
Polden skule sanering	0	2 253	0	2 253	Pollen skule er ferdig sanert. Prosjekt avslutta.
Porsvika fiskerihamn - lagerbygg	5 300	0	5 300	0	Gjennomført moglekeitstudie i 2021. Det vil bli arbeida med forprosjekt i 2022. Grunna manglande rammeavtale på prosjektering, kapasitetsutfordringar og nye prosjektbestillingar har prosjektet ikkje blitt prioritert for oppstart. Framdriftsplan som skissert i punkt 9 i mogleheitsstudie er difor utsett med om lag eit halvt år.

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	Kommentar
Reguleringsplan	0	1 584	0	13	
Arefjordvegen					
Rong skule - Gymsal	12 400	9 524	2 884	8	Ferdigstilt.
Sal av aksjar BIR	0	303	0	2	
Samlepost samferdsleltak	29 400	1 286	7 400	1 286	Asfaltering tildelt entreprenør og vert igongsatt haust 2021. Fleire av dei andre prosjekta får ikkje oppstart før tidlig 2022.
Sartorparken - utbyggingsavtale	0	7 025	0	2 000	
SD-anlegg portal	0	921	0	921	Intensjonskunngjering vart sendt ut før ferien. Arbeidet med å få systemet etablert er avslutta, intern opplæring vert sett i gang i veke 38. Vidare intern opplæring vil bli gjennomført i oktober.
Skilting	0	2	0	2	
Skjenet 10 inngangsparti og møterom	0	570	0	570	Tiltaket er gjennomført og avslutta.
Skjenet 2, ombygging	7 500	0	7 500	0	Prosjektet er stoppa grunna at kostandsoverslaget for ombygginga er langt høgre enn budsjettet. Alternative lokale til PPT tenesta vert vurdert.
Skogsvatnet - Turveg	3 300	0	3 300	0	Turveg er ikkje i samsvar med reguleringsplan og må avvente til plan er godkjent.
Skålevik skule utviding modulbygg 2021	0	1 002	0	1 002	Tiltaket er stort sett gjennomført. Noko småting sto att som må gjennomførast i 2022.
Snarveg til Varden frå Grønaplassen	3 150	0	3 150	0	
Spelemidlar - forskottering/ innbetaling	0	1 200	0	1 200	
Spildepolen barnehage, forprosjekt og bygging	48 159	38 084	25 193	15 117	Barnehagen er ferdig og tatt i bruk. Prosjektet er gått over i garantiperiode. Resterande midlar i prosjektet skal overførast til 2022 for sluttfaktura og mindre suppleringskjøp på barnehagen.
Spildepolen skule, idrettshall, fotballbane, infrastruktur og turveg	4 870	4 185	1 817	1 133	Øygarden kommune overtok drifta av fotballbana og ansvaret for å etablera tribune er overført til kommunen. Dette vert løyst i 2022.
Større planoppgåver infrastruktur mm	2 500	0	2 500	0	
Sundheimen	2 186	7 907	0	7 606	Sjåast i samanheng med prosjekt Velferdsteknologi sjukeheim.
Søre Straume (5411)	0	632	0	632	
Tednebakkane - ombygging	0	2 360	0	2 359	Prosjektet har vore ute i konkurranse, oppstart i april/mai 2022.
Tednebakkane omsorgssenter nytt nødlysanl	0	448	0	448	Tiltaket er gjennomført.
Tednebakkane. ombygging	10 000	63	5 500	63	Prosjektet har vore ute i konkurranse, oppstart i april/mai 2022.
Teknisk servicebygg - Områdeutvikling sør	80 000	3 978	38 912	2 891	Prosjektet er i utføringsfasen. Framdrifta i arbeidet er bra, og bygget skal stå ferdig sommaren 2023.

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	Kommentar
Torsvik vest VA (Storhaugen)	2 100	1 753	1 708	0	
Tranevågen ungd.skule skallsikring m. alarm	0	286	0	286	Tiltaket er gjennomført.
Trigger - kjøp av bygg	25 000	23 000	25 000	23 000	Tiltaket er gjennomført.
Ulveseth skule skifte brannsentral	0	272	0	272	Tiltaket er gjennomført.
Utbetring av vegar (Foldnesvegen)	56 875	14	0	14	
Utbetring Foldnes skule	0	376	0	231	
Veglys, skifting til LED lys	2 000	499	500	0	
Velferdsteknologi - Straume bu og servicesenter	0	313	0	313	Mindre førebuande investeringar før prosjektoppstart. Må sjåast i samanheng med post Velferdsteknologi sjukeheim.
Velferdsteknologi sjukeheim	20 000	872	8 000	872	Stegvis utbygging av velferdsteknologi på sjukeheimane. Fjell sjukeheim og Sundheimen er ferdigstilt. Tednebakkane oppstart vår 2022. Kvednatunet og Straume bu og servicesenter oppstart 2023.
Veten dagsturhytte	818	946	818	946	Hytta er levert og ligg på lager på Løsjneset.
Vik kryss -	1 584	959	625	0	
Trafikksikring Toftøy FV 561					
ØLMS	0	1 729	0	188	Ferdigstilt.
Øvrige investeringer	59 400	77 163	5 600	105 237	
Ågotnes idrettspark del 1 2019-2021, grasbane, dekke (4267)	19 351	5 788	12 300	0	
Ågotnes idrettspark del 2 2019-2021, flomlys (4268)	0	244	0	4	Del 1 og 2 er ferdigstilt. Del 3 er ikkje påbegynt, men er gjort klar for utlysing. Det meste på del 4 og 5 er gjennomført (ca 90% er gjennomført).
Ågotnes idrettspark del 4 kunstgrasbane trimpark (4270)	0	9 716	0	9 070	Del 1 og 2 er ferdigstilt. Del 3 er ikkje påbegynt, men er gjort klar for utlysing. Det meste på del 4 og 5 er gjennomført (ca 90% er gjennomført).
Ågotnes idrettspark del 5 turveg (4271)	0	1 567	0	1 247	Del 1 og 2 er ferdigstilt. Del 3 er ikkje påbegynt, men er gjort klar for utlysing. Det meste på del 4 og 5 er gjennomført (ca 90% er gjennomført).
Sum	844 144	462 044	383 121	280 908	

Totaloversikt drift - fordelt på tenesteområde

Beløp i 1000

Namn	Rev.	bud.	Rekneskap	Avvik i kr
	2021			
Politisk	18 038	17 282	756	
Kommunedirektør	81 449	83 236	-1 787	
Økonomi og organisasjon	382 931	389 783	-6 852	
Helse og velferd	833 467	832 908	558	
Oppvekst	884 564	943 979	-59 415	
Kultur og samfunn	284 098	319 124	-35 026	
Finans	-106 367	-84 218	-22 149	
Sum tenesteområde	2 378 180	2 502 094	-123 914	

Overordna mål og satsingar



Kommunesamanslåinga - status i høve intensjonsavtala

Fellesnemnda for kommunesamanslåinga hadde ambisiøse mål for Øygarden kommune. To år inn i den nye kommunen er det framleis mykje som gjenstår sett i høve til måla som vart sett for kommunesamanslåinga. Øygarden kommune har nyleg fått vedteke samfunnsdelen til kommuneplanen. Den handlar om korleis vi skal utvikla Øygarden dei 12 neste åra, både som samfunn og som kommuneorganisasjon, og slik "erstattar" måla i intensjonsavtala. Du kan lese meir om arbeidet med samfunnsdelen seinare i dette kapittelet, under status planar.

I det følgjande vert det gitt ei kort statusskildring i høve måla for kommunesamanslåinga.

Den nye kommunen skal vera eit regionalt og nasjonalt fyrtårn innan teknologi, energi og marine næringer

Karbonfangstanlegget - Northern Lights som skal etablerast ved Energiparken, er det fyrste i sitt slag i verda og kan verte ein spydspiss regionalt, nasjonalt og internasjonalt knytt til utvikling av ny teknologi i høve det grøne skiftet. Elles ligg eit av landets største maritime sentre på Ågotnes - CCB. Når Bergen Havn flyttar frå Dokken til CCB blir Ågotnes eit enda viktigare hamneknutepunkt.

Dette er eit lite utdrag av viktig utvikling i vår kommunen, og syner at Øygarden kommune har eit stort potensiale til å vera ein aktiv aktør og samarbeidspartner for sentrale næringsverksemder i kommunen.

Øygarden kommune som organisasjon har i mindre grad fått jobba med regionale og nasjonale prosessar på grunn av pandemien. Det har nesten ikkje vore reiseverksemde og organisasjonen har måtte konsentrera seg om å løyse lokale utfordringar. Samstundes har pandemien i seg sjølv gjort det naudsynt å jobbe tett med nasjonale myndigheiter. Auka bruk av digitale løysingar har gitt auka digital kompetanse, samt gjort erfaringsdeling enklare trass manglande reising og fysiske møte.

Kommunen skal vera ein attraktiv bu- og arbeidsregion i Bergensregionen

Trass pandemien har Øygarden kommune i sine to fyrste "leveår" fått på plass ulike tilbod som aukar attraktiviteten til kommunen som t.d: Ny skule og barnehage i Spildepollen, innbyggjartorg etablert på biblioteka, ny symjehall, skytehall og Fjordpark på Rong.

Knytt til arbeidet med Samfunnssdelen til kommuneplanen har det vore eit omfattande internt samarbeid, med høg grad av innbyggjarinvolvering for at innbyggjarane skulle få seie kva som er viktig for at kommunen skal vera ein god stad å bu. Det vart gjennomført digitale løysingar for innspel, og totalt var det fleire innbyggjarar og instansar som gav innspel enn ved bruk av tradisjonelle kanalar.

Kommunen skal ha ein berekraftig kystkultur

Øygarden kommune har m.a. løfta fram kystkulturen i sin grafiske profil og den er ofte gjennomgangstema i ulike kulturelle arrangement. Målfoma i kommunen er nynorsk og i 2023 vert Øygarden kommune vertskommune for Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) sitt landsting.

Kommunen skal levera tenester av høg kvalitet til beste for innbyggjarane

Øygarden kommune har hatt høgt fokus på å sikre god kvalitet på tenestene, og sikre harmonisering der det var ulikskapar mellom dei tre gamle kommunane i høve innhald, kvantitet og kvalitet. Utfordringa med å gjera tre kommunar med ulik praksis og ulik kultur på mange område til ein, er ei krevjande oppgåve i seg sjølv. Stram økonomisk situasjon og pandemien har gjort dette arbeidet særskilt krevjande, og det er framleis ein del som gjenstår knytt til å harmonisera kvalitet på tenestene.

Heile kommunen skal takast i bruk med levande lokalsamfunn og eit mangfoldig kommunesenter

Det er etablert felles innbyggjartorg/ bibliotek i Straume, Skogsskiftet og på Rong. Den særskilt krevjande økonomiske situasjonen til Øygarden kommune har ført til revurdering av skule og barnehagestrukturen, nedlegging av ein skule og samanslåing av einingar for å oppnå meir effektiv drift og berekraftig økonomi.

Kommunen skal vera ein god arbeidsgjevar der trivsel og kompetanse er grunnleggjande faktorar

Det har vore krevjande å jobba med kulturbrygging og arbeidsmiljø under pandemien. Nedstenging og praktisering av arbeid heimanfrå har avgrensa moglegheitene for samhandling og kulturbrygging i ny organisasjon. Utstrekkt bruk av arbeid heimanfrå har fungert, men det har gjort det meir krevjande å bli ein del av eit for mange nytt fagmiljø.

Rapportane etter evalueringa av stabskommunalsjefsområda Økonomi og Organisasjon og digitalisering, synte at mange tilsette i stabseiningane opplevde store arbeidsmiljømessige utfordringar. Som oppfølging av denne evalueringa vart det i 2021 gjort organisatoriske endringar av stabseiningane, samt at desse to kommunalsjefsområda vart slått saman til eit kommunalsjefsområde - Økonomi og organisasjon.

I 2021 er det også blitt utført ein del arbeid knytt til harmonisering av arbeidsvilkår og vi har fått vedteke lønspolitisk plan, som er viktige faktorar knytt til arbeidsmiljø og trivsel.

Infrastruktur innan veg, fiberkabling og VAR-tenester er høgt prioritert og skal framleis byggjast ut

Noko av det viktigaste innan infrastruktur for Øygarden kommune er utbygginga av Sotrasambandet. Noverande hovudinnfartsåre til Øygarden skapar dagleg store trafikale vanskar med omfattande bilkøar. I 2021 har køproblematikken vore aukande og dei ulike lokale trafikkreguleringstiltaka som er innført (m.a. forbod omkjøring Litle Sotra i rushtida) har hatt avgrensa effekt. I september 2021 vann

Sotra Link OPS-kontrakten (offentleg-privat samarbeid). Oppstart av arbeidet med Sotrasambandet som er begynt no i 2022 med m.a. grunnundersøkingar, vil føre til ytterlegare trafikale vanskar då arbeidet kan gje tidvise vegstengingar og avgrensa framkomme. Sotrasambandet skal vere ferdig i 2027.

Status kommunale planar

Samfunnsdelen til kommuneplanen

Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet til kommunen, og består av tre delar; ein samfunnsdel med langsigkt arealstrategi, ein arealdel, og ein handlingsdel (økonomiplan).

Samfunnsdelen til kommuneplanen handlar om korleis vi skal utvikla Øygarden framover, både som samfunn og som kommuneorganisasjon. Den inneholder langsigkt mål som fortel oss kva retning vi ønsker å utvikla oss i, og strategiar som viser kva vi må gjera for å nå måla våre.

Høyringsutkastet til samfunnsdelen vart utarbeida i 2021, i tett samarbeid med innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjoner, tilsette og andre aktørar. Dei 17 berekraftmåla til FN er lagt til grunn for utarbeidinga av samfunnsdelen. Gjennom politiske prosessar har Øygarden vald å løfte fram 8 berekraftmål som skal ha særleg merksemd i utviklinga av kommunen, og som har danna grunnlaget for fire satsingsområde;

- Den gode staden å bu
- Meistring gjennom livsløpet
- Kompetent, innovativt og produktiv samfunn
- Klima- og miljøvenleg samfunnsutvikling.

Dei fire satsingsområda har vore utgangspunkt for medverknadsarbeidet våren 2021. Funn frå dei rundt 500 innspela i medverknadsarbeidet vart samla i eit drøftingsgrunnlag. Drøftingsgrunnlaget har vore eit viktig kunnskapsgrunnlag når politikarar har arbeidd fram mål og strategiar for samfunnsutviklinga.

Samfunnsdelen inneholder fem hovudmål, med tilhøyrande delmål og strategiar, samt langsigkt arealstrategiar. Arealstrategiane er overordna prinsipp for korleis vi må utvikla areala våre for å nå måla i samfunnsdelen.

Utkastet til samfunnsdelen var på høyring i perioden 8. november 2021 til 12. januar 2022. I høyringsperioden vart det motteke over 120 innspel til planen. I tillegg har det vore god deltaking på dei ulike høyringsarrangementa. Lesarinnlegg i lokalavisa har også vitna om stort engasjement for samfunnsdelen. Samla sett har innspela bidratt til ein betre plan for framtida til Øygarden. Samfunnsdelen til kommuneplanen vart vedteke i kommunestyret 24. mars 2022.

Andre planar det vart arbeidd med i 2021

Framlegg til handlingsplanen "Leva heile livet" vart vedteke i kommunestyret 4. november 2021 med ein del endringar/ tillegg. "Leva heile livet" er ei kvalitetsreform for eldre, som vart vedteken i Stortinget i desember 2018. Reforma skal å sikra at eldre kan meistra livet lengre, og ha ein trygg, aktiv og verdig alderdom. Målgruppa er alle eldre over 65 år, både dei som bur heime og dei som bur på institusjon. Handlingsplanen er ei oppfølging av KS-vedtak 032/21, der det vart vedteke ein

prosess for å utarbeida plan for kvalitetsreforma. I 2022 er det etablert eit prosjekt som skal følgje opp handlingsplanen.

Oppfølging av politiske saker



Tabellen under viser tal saker i ulike utval i 2020 og 2021. Totalt er det handsoma 790 saker i 2021, mot 672 saker i 2020. Den største auken i tal saker har vore i Utval for plan (auke på ca. 124%), som i hovudsak er knytt til høgt tal på klagesaker.

Utval	Saker 2020	Saker 2021
Kommunestyret	202	178
Formannskapet	168	185
Utval for plan (UFP)	91	204
Utval for samfunnsutvikling (UFS)	73	66
Utval for tenester og levekår (UTL)	96	124
Administrasjonsutvalet	42	33
Sum	672	790

Saker vert følgd opp av saksbehandlar i sakssystemet WebSak.

Det vert i 2022 jobba med løysingar for å legga oppfølginga av dei største og viktigaste sakene inn i Framsikt på same måte som verbalvedtaka i budsjettet.

Språkbruksplanen

Språkbruksplanen for Øygarden kommune vart vedteken av kommunestyret 21. november 2019. Ei viktig oppfølging av planen er å gje kurs og rettleiing i god nynorsk språkbruk og klarspråk. Om kort tid vert det presentert eit digitalt språkkurs som er retta mot dei som brukar språket skriftleg i tenesta. Kommunen deltek på landstinga og støttar opp om arbeidet i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK).

Status politiske vedtak

Økonomi og organisasjon

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
19 - Pensjon	Øygarden kommune Kommunestyret ber om at det blir gjennomført ei evaluering av pensjonstenester og vurdert om det er formålstenleg å gå ut på nytt anbod.	Ferdig	Kommunestyret vedtok i KS-sak 093/21 å legga pensjonstenestene (fellesordninga) ut på anbod. Konkurransegrunnlaget vart godkjent i formannskapsmøte 24.08.21. Kommunestyret vedtok i KS-sak 129/21, 30.09.21, å tildela oppdraget til Storebrand i samsvar med tilbodsevalueringa som viste at dei hadde levert det beste tilbodet ut frå dei fastsette kriteria, totaløkonomi og kvalitet.
26 - Nye busstader rus/ psykisk helse	Øygarden kommune Kommunestyret ber om ei sak om etablering/bygging av seks nye bustader til brukarar innan rus og psykisk helse.	Forsink	
32 - Fergeavløysing	Øygarden kommune Det skal fortsatt jobbast opp mot fylkeskommunen vedrørende fergeavløysing for Klokkarvik – Hjellestad slik at ein kan avvikle dette sambandet med fastsamband mot Bergen.	Iht. plan	
35 - Disponering av ekstramidlar som eiga sak	Øygarden kommune Kommunestyret ber om at disponering av ekstramidler blir lagt frem som eiga sak til Formannskapet.	Ferdig	Dette er i samsvar med vedteke økonomireglement.
37 - Fond til ØBR	Øygarden kommune Det må setjast av til fond kr 250000,- til ØBR i revidert budsjett til våren/sommer 2021 jamfør driftsavtale pkt 6.1.4.	Ferdig	Saka er handtert i KS-sak 078/21, Revidert budsjett 2021. Tilskot er utbetalt Øygarden brann og redning
38 - Overlappande tiltak	Øygarden kommune Tiltak som overlappar kommunale tenester (eksempelvis PitStop) skal leggast fram for kommunalsjefen for omtale av tiltaket sin effekt og nytteverdi før budsjettbehandlinga.	Iht. plan	

Helse og velferd

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
14 - Heildøgnsplassar	Øygarden kommune Kommunestyret har ein målsetnad om å kunne ta i bruk 14 plassar i paviljongen ved Fjell sjukeheim i	Iht. plan	Gjeld for 2022.

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	2022 og 10 plassar LMS i 2023. Dette vert å koma attende til i samband med oppfølging av sak 156/20 om auka tal på heildøgns plasser og nytt heildøgns omsorgstilbod.		
30 - Aksjonssenter	Øygarden kommune Aksjonssenteret vert å komme tilbake til i revidert budsjett med intensjon om oppstart hausten 2021.	Iht. plan	Aksjonssenteret starta opp 01.12.2021.
Oppvekst			
Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
15 - Lærebøker	Øygarden kommune 2 mill kr sett av til innkjøp av lærebøker. Basisfaga matte, norsk og engelsk bør prioriterast. Eventuelle midlar til kommunane sett av i statsbudsjettet til ny læreplan, skal opp i formannskapet som sak.	Ferdig	Midlane er fordelt ut på kvar skule-inn på kontoen for undervisningsmateriell. Sak til UTL og FS oktober- forlaga er ikkje klare nok med analoge lærebøker.
16 - Kjøp av eksterne tenester innan skuleverket	Øygarden kommune Kjøp av eksterne samarbeidspartnarar vert lagt til kommunalsjefnivå. Målet er å oppretthalde aktiviteten til Dale Oen, TAM, Sotra Villmarksenter.	Ferdig	Tiltaket alternative opplæringsarenaer har vore på anbod. Avtalar er inngått med vinnarane av konkurransen for skuleåret 21-22.
28 - Miljøterapeuter	Øygarden kommune Miljøterapeutane som blir overført frå Gangstøa skal nyttast i arbeidet mot å avdekke uønska åtferd og oppfølginga av dette i skulane og barnhagane. Dei skal vere ein del av eit samordna arbeid mot mobbing og anna negativ åtferd. Ved søknad om skjønnsmidlar skal finansiering av desse stillingane prioritert. Restfinansiering vert å kome attende til ved revidering av budsjett i juni 2021.	Ferdig	Skjønnsmidlar er søkt om (4 000 000). Løyvd 500 000. Desse vert nytta mot Innsatsteam mot mobbing (beredskapsteam). Miljøterapeutane er slutta- gått over i andre stillingar.
31 - Beredskapsteam	Øygarden kommune Kommunestyret forutset at kommunalt beredskapsteam innan oppvekst blir oppretthalde.	Iht. plan	
33 - Kringsgrenser	Øygarden kommune Kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak som vurderer justering av kringsgrensene i lys av skulestrukturen i nordre del av den nye kommunen. Prosessen må følgje forvaltningslova sine krav til høyringsrunde før vedtak. Øyene Misje og Turøy har kort avstand til Toftøy skule. Toftøy skule har ledig kapasitet. Ågotnes og Landro er eit område med høg folkevekst.	Forsinka	Saka vart utsett i KS-sak 145/21, 4. november 2021. Saka vert å kome attende til i samband med ei justering av skulegrensene frå Kolltveit til Toftøy.
34 - Vurdering av struktur	Øygarden kommune Basert på samla skulekapasitet og elevtalsutviklinga på tvers av fleire skular i gamle	Ferdig	Kommunestyret vedtok i KS-sak 146/21, 4. november 2021, å legge

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	<p>Øygarden kommune, vert det vurdert som mogleg å legge ned ein skule frå skuleåret 2021/2022.</p> <p>Kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak som vurderer nedlegging av Blomvåg skule.</p> <p>Prosessens må ta høgde for høyring, medverknad og justering av krinsgrenser slik at elevane kan flyttast til Tjeldstø og Rong skule.</p>		ned Blomvåg skule frå skuleåret 2022/23.

Kultur og samfunn

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
18 - MOT-arbeidet	Øygarden kommune Det blir lagt fram eiga sak som skildrar strategien for MOT-arbeidet i den nye kommunen.	Ferdig	Strategi for MOT-arbeidet i Øygarden kommune 2020-2024 vart vedtatt i KS-sak 053/21, 20.05.2021.
20 - Vestsidevegen	Øygarden kommune Vestsidevegen vert jobba vidare med ilag med fylket. Målet må vere ein punktvis utbetring i eit spleislag med fylket. Øygarden kommune skal jobbe for at dette vert lagt inn i Vestland fylke sin RTP.	Iht. plan	Vestsidevegen vert jobba vidare med ilag med fylket. Målet må vere ein punktvis utbetring i eit spleislag med fylket. Vestsidevegen er nemnt under uprioriterde anlegg i Regional transportplan (RTP) for Vestland fylke.
21 - Transport	Øygarden kommune Det skal leggast fram sak vedr samordning, effektivisering av transport tenestene i kommunen. Saka bør også innehalde plan for meir optimal bruk av bilparken.	Ferdig	Saka er ikkje ferdigstilt i 2021.
23 - Straumsundet bru	Øygarden kommune Etter at Sotrasambandet har avklart leverandør av OPS prosjektet, skal kommunen gå i dialog med leverandøren jmf sak 027/20 i UFS.	Iht. plan	Etter at Sotrasambandet har avklart leverandør av OPS prosjektet, skal kommunen gå i dialog med leverandøren jmf sak 027/20 i UFS.
24 - Prioritering av planar	Øygarden kommune Kommunestyret viser til sak i mai og ber om prioritering av planar blir behandla som eiga sak og ikkje ein del av budsjettet.	Ferdig	
25 - Eiga sak om korleis administrasjonen skal følgje opp Sotrasambandet, CCS og ny hamn	Øygarden kommune For sikre ein god dialog og oppfølging av dei tre viktige prosjekta ber Kommunestyret om at det blir laga ei eiga sak om korleis desse skal følgjast opp.	Ferdig	Administrasjonen arbeider breitt mot disse prosjekta allereie, og kommunen har ulike rolla i dette som må koordinerast og forankrast på ulike nivå.
27 - Kommunale investeringar i Straume-området	Øygarden kommune Det blir så raskt som muleg lagt fram eiga sak som viser framtidige kommunale investeringar i Straume-område sett i forhold til avtalar med private utbyggjarar.	Ferdig	Saka var oppe i kommunestyret 30.09.2021, KS-sak 128/21.
36 - Prioritering av plansaker	Øygarden kommune Kommunestyret viser til vedtak i mai 2020 vedr prioritering av plansaker og legg til grunn at det er denne prioriteringa som vil bli fulgt.	Ferdig	

Verksemdstyring og internkontroll



Etikk og varsling

Etiske retningslinjer

Jf. kommunelova § 14-7 d skal det gjerast greie for planlagde og gjennomførte tiltak for å sikra høg etisk standard i kommunen.

Etiske retningsliner for folkevalde og tilsette i Øygarden kommune vart vedteke av kommunestyret 21.11.2019 i KS-sak 018/19. Dei etiske retningslinene byggjer på allmenne etiske verdiar og normer som krev rettferd, lojalitet, at ein er ærleg, påliteleg og sannferdig, og at ein skal oppføra seg mot andre slik ein ynskjer at andre skal oppføra seg mot ein sjølv. Målet med Øygarden kommune sine etiske retningsliner er å sikra ein god etisk praksis med ein standard som gjer at innbyggjarane har høg grad av tillit til kommunen som tenesteytar, som forvaltningsmynde og som arbeidsgjevar. Kommunen sitt samfunnsansvar er å forvalta fellesskapet sine midlar på ein måte som samsvarer med lover og reglar. Måten dette samfunnsansvaret vert teke vare på er viktig for kommunen sitt omdømme. Det vert difor stilt høge krav til etiske haldningar hos dei som handlar på vegne av kommunen, både som folkevalde og som tilsette.

Varsling

Rutinar for intern varsling som vart vedteke av AMU 29.04.2020 i AMU-sak 08/20, vart revidert våren 2021. Revidert varslingsrutine for Øygarden kommune vart vedteke i ADMU 03.05.2021 (sak 009/21)

Øygarden kommune ynskjer ein open ytringskultur med høg toleranse for ulike oppfatningar og låg terskel for å seie frå om kva ein oppfattar som kritikkverdige tilhøve.

Både dei etiske retningslinene og varslingsrutinen ligg lett tilgjengeleg for dei tilsette på kommunen si intranettseite.

Øygarden kommune er medlem av Transparency International Norge (antikorrupsjon).

Verdiar

Øygarden kommune sine verdiar er:

- Tilgjengeleg
- Raus
- Kompetent
- Løysingsfokuserert

Kvalitetssystemet


Kvalitetssystemet er eit av dei viktigaste verktøya til kommunen for å oppfylla krava om internkontroll i kommunelovas § 25-1. Krava pålegg kommunedirektøren å sørge for internkontroll som er tilpassa administrasjonen sine verksemder. Slik skal ein sikre at lov og forskrifter vert følgd og at dette er dokumentert i den form og omfang som er naudsynt.

Føremålet med kvalitetssystemet er at tilsette og leiarar skal ha god tilgang til informasjon som er viktig for kvaliteten i eiga jobbutøving, og at den skal vere oppdatert og tydeleg utforma.

Øygarden kommune sitt elektroniske kvalitetssystem inneheld modular for dokumenthandtering, avvikshandtering, ROS (risiko- og sårbarheitsanalyse) og årshjul. Desse modulane er no teke i bruk, og i 2021 er m.a. modul for dokumenthandtering implementert.

I 2021 var det registrert ca. 4000 brukarar av kvalitetssystemet i løpet av heile året. Dette inkluderer alle som har hatt ei stilling anten fast eller vikariat i løpet av året.


Diagramma under syner tal innloggingar i systemet fordelt på månader i 2021



Avvik

Det vart registrert totalt 3 378 avvik i 2021, mot 2160 i 2020. Det er ein auke på 1218 avvik som utgjer ca. 56 %. Noko av årsaka til auken kan vera at det har vore eit særskild fokus på å utvikle god kultur for å melde frå om avvik, samt at det er gjeve opplæring til tilsette og leirar. Avvik knytt til HMS er gjort greie for i kapittelet "Kommunen som arbeidsgjevar"

Diagramma under viser tal avvik i høve ulike kategoriar:



Tal avvik fordelt på kommunalsjefsområda:

Tabellen under viser tal avvik fordelt på dei ulike kommunalsjefområda per månad i 2021:

	jan	feb	mars	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	Sum 2021
Helse og velferd	171	193	177	191	201	183	133	132	191	195	167	101	2035
Kultur og samfunn	2	7	3	0	6	2	3	3	4	4	6	9	49
Oppvekst	84	80	74	119	68	53	7	141	227	118	155	84	1210
Økonomi og organisasjon	7	7	5	2	7	1	14	2	10	10	11	8	84

Statistikk frå kvalitetssystemet viser at det er store variasjonar i praksis for å melde avvik både mellom kommunalsjefområda og innan same kommunalsjefområde med samanliknbare einingar. Varierande bruk kan skuldast manglande god rapporterande kultur og manglande opplæring/verktøy til å melde avvik. Helse og velferd har ein god rapporterande kultur innan fleire einingar med høgt fokus på å melde avvik og lukke avvik.

Viktige erfaringar:

Avvika vert meldt inn rett, men praksis syner at meldar ofte legg inn høgare alvorsgrad enn det som er reelt sett i høve fastsette kriteria, samt at leiar som behandler avvik ikkje reklassifiserer dette til anna nivå.

Ingen avvik kan lukkast utan at det vert sett inn kommentar og tiltak. I 2021 var 93,6% av alle avvik lukka. Ansvoart for å følgje opp tiltaka ligg til leiar.

ROS (risiko- og sårbarheitsanalyse)

Det er gjeve opplæring i bruk av ROS, og modulen er implementert i organisasjonen.


Einingsleiarar i kommunen har gjennomført risikovurdering av smittevern og Covid-19.

Følgjande skal arbeidast med i 2022

- Utarbeiding og dokumentasjon av administrative rutinar
- Opplæring og implementering av årshjul i kvalitetssystemet
- Halde fram arbeidet med å få god kultur og praksis for å melde avvik med m.a. månadlege webinar/kurs i å melde og handsame avvik

Styring og rapportering

Figuren nedanfor illustrerer styringsdokument og rapporteringssystem i Øygarden kommune:



Utført arbeid

Kommunestyret vedtok i KS-sak 153/20 planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023.

Arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen vart ferdigstilt i 2022 og Øygarden kommune sin samfunnsdel for 2022 - 2034 vart vedteke i kommunestyret 24.03.2022. Øygarden kommune nyttar det heilskaplege digitale verksemderstyringssystemet Framsikt til styring og rapportering.

Formannskapet vedtok i FS-sak 146/20 nøkkeltal (KPI'ar). Administrasjonen har hatt vanskar med å framstaffe data/statistikk i høve dei vedtekne nøkkeltala. Administrasjonen har difor ikkje lukkast med dei avtalte rapporteringane i høve desse nøkkeltala (pr. kvartal) slik det var lagt opp til.

Følgjande skal arbeidast med i 2022

- Systematisk heilskapleg verksemderstyring er ei eiga satsing i 2022 og er organisert i eit eige prosjekt.
- Det er semje mellom politisk nivå og administrasjonen at dei vedtekne nøkkeltala (KPI'ane) må reviderast, og administrasjonen skal fremje ei sak om dette i løpet av 2022
- Planstrategien skal reviderast i 2022.

Samfunnstryggleik og overordna beredskap

Overordna beredskapsplan

Overordna beredskapsplan for Øygarden kommune - administrativ del, vart vedteke i kommunestyret 17.02.2022. Sidan kommunesamanslåinga i 2020 har kommunen hatt eit utkast til overordna beredskapsplan for å sikre lovkrav til slikt planverk, men planen vart først politisk

handsama i februar 2022. Planen har vore endra undervegs sidan januar 2020 og tilpassa dei erfaringar communal krieseleiing har gjort seg gjennom handtering av covid-19 krisa og storbrannen i juni 2021. Kommunedirektøren har fullmakt til jamleg å oppdatere planen.

Uønskte hendingar der communal krieseleiing har vore etablert

Den kommunale krieseleiinga (forkorta til KKL) er eit leiingsapparat som vert i etablerast i krisesituasjonar og ved andre uønskte hendingar, der den ordinære kommuneorganisasjonen ikkje er eigna til å ta hand om den/ dei aktuelle hendingane. KKL har også utvida fullmakter til å treffa avgjerd for å avverja og/eller avgrensa/utbetra skade når det vert vurdert som nødvendig.

I 2021 har KKL vore etablert knytt til følgjande hendingar:

Handtering av pandemien

Sidan oppstart av pandemien i 2020 har KKL i større og mindre grad vore etablert knytt til handtering av hendinga. I 2021 har arbeidet vore konsentrert om:

- Vektlege møte i KKL
- Samarbeid og vektlege rapporteringar til Statsforvaltaren
- Gjennomført to møte i beredskapsrådet for Øygarden kommune i 2021
- Tett samarbeid med kommuneoverlegen og smittevernlege. Dei har vore fast medlem i KKL under pandemi, og samarbeider tett med Tryggleik opp mot rapportering til Statsforvaltar og gjev råd til handtering av ulike scenario

Storbrann i juni

Torsdag 3. juni oppstod det ein stor lyngbrann i Fjæreide- området som spreidde til området Kårvatn - Ågotnes. Eitt hus vart totalskadd og fleire hundre personar vart evakuerte. Øygarden kommune sette kriestab, og sytte mellom anna for at dei evakuerte som ønskte det, fekk kost og losji. Fredag ettermiddag 4. juni vart evakueringa oppheva og folk kunne reisa heim til bustadene sine. I tida etter har ein arbeidd med evaluering og etterarbeid knytt til korleis kommunen kan hindre at ny storbrann oppstår. Dette arbeidet vil fortsetje inn i 2022.

Andre hendingar:

Brann i gjenvinningsanlegget Franzefoss (Eide) 02.12.2021. Kommunal krieseleiing sette stab.

Gjennomførte beredskapsøvingar

- Øving Kollsnes, tabletopp torsdag 21.10.21
- Storøving 22.10.21

Følgjande skal arbeidast med i 2022

- Sluttføre etterarbeid og evalueringsarbeidet etter storbrannen i juni 2021 for å førebyggje nye uønskte hendingar
- Oppdatering og utvikling av operativ beredskapsplan
- Øving og opplæring av communal krieseleiing

Statleg tilsyn

Det er gjennomført følgjande statlege tilsyn i dei ulike kommunalsjefsområda i 2021:

Oppvekst:

- Kommunen som barnehagemynde
- Spesialundervisning

Helse og velferd:

- Sosiale tenester i NAV
- Pasient- og brukarrettslova kap. 4 A
- Arbeidstilsyn i eininga Heimetenesta sone Sør

Kultur og samfunn:

- Matrikkellovtilsyn

Resultat frå tilsyna

Oppvekst

Tilsyn med tema spesialundervisning i alternativ opplæringsarena- Fjell ungdomsskule:

Tilsynet avdekkja brot på regelverket og kommunen har sett i verk følgjande tiltak for å rette opp brota:

Vurdering av behovet for spesialundervisning i samsvar med opplæringslova §§ 5-3 og 5-4, og barnekonvensjonen artikkel 12:

Kommunen har sett til at PPT syter for at elevane får moglegheit til å uttale seg i samband med sakkunnig vurdering.

Vedtak om spesialundervisning og innhaldet i opplæringa: planlegging, gjennomføring og oppfølging av spesialundervisninga:

Kommunen har sett til at vedtak som vert fatta oppfyller retten til spesialundervisning og sakhandsamingsreglane i forvaltningslova, jf. Opplæringslova §§ 5-1, 5-3, 5-4, forvaltningslova §§ 2, 17, 23, 24 ,25 og 27, og barnekonvensjonen art 3. Vedtaka inneholder opplysningar om omfang, innhald og organisering av undervisninga og eventuelle avvik frå læreplanen går fram av vedtaket. Det vert teke stilling til barnet sitt beste når vedtaka vert gjort.

Kommunen har i internkontrollsystemet Compilo laga rutinar skulane skal nytta ved innsøking til alternativ opplæringsarena.

Øygarden kommune må sørge for at Fjell ungdomsskule utarbeider individuelle opplæringsplanar i samsvar med enkeltvedtak, og at spesialundervisning vert gjennomført i samsvar med vedtaka:

Kommunen har sett til at Fjell ungdomsskule utarbeider individuelle opplæringsplanar som er i

samsvar med enkeltvedtaka, og at spesialundervisninga vert gjennomført i samsvar med vedtaka, jf. Opplæringslova §§ 2-1, 5-1, 5-5, 13-10.

Kommunen inngår avtalar med tilbydarar av alternativ opplæringsarena om å bidra med å gjennomføre spesialundervisninga i tråd med regelverket:

Kommunen syter for at avtalane som vert inngått med tilbydarar av alternativ opplæringsarena om å gjennomføre spesialundervisning er i tråd med regelverket. Kravspesifikasjonen vert evaluert og ev. endra årleg. Innhaldet i avtalen vert informert om med tilbydarane og det er tilsett ein ressurs i 20% som har som oppgåve å føre tilsyn med alternativ opplæringsarena. Det vert også informert ut til tilbydarane om forventingane til samarbeidet med skulane kring IOP og årsrapport.

Skulen sikrar tilstrekkeleg oppfølging av elevane og tilbodet elevane får i opplæringa, og lagar årsrapportar og følgjer systematisk opplæringa.

Skulen har sikra gode rutinar for oppfølging av eleven og tilbodet elevane får og har ansvaret for at elevane får det dei har krav på i det alternativet tilbodet. PPT har hatt dialog med programleverandør Dips Samspill og fått redigert mal for IOP og årsrapport som skulen no nyttar.

Kommunen har etter tilsynet etablert gode rutinar kring informasjon om og oppfølging av alternativ opplæringsarena, som er lagt inn i internkontrollsystemet Compilo. Det er også laga ei oversikt over kva dei ulike tilboda kan tilby skulane. Alternativ opplæringsarena vil verte tema på skuleleiersamling før sommaren for kompetanseheving av skuleleiarar og avdelingsleiarar i skulen. Her vil alle rutinar, lovverk og dokument i internkontrollen verte presentert og drøfta. Dette vil også vere tema på samlingar for spesialpedagognettverket

Tilsyn med kommunen som barnehagemynde, barnehagelova § 10

Tilsynet avdekkja brot på regelverket og kommunen har sett i verk følgjande tiltak for å rette opp brota:

Øygarden kommune som barnehagemynde skal

-Ha tilstrekkeleg kunnskap om korleis alle barnehageeigarane oppfyller pliktane dei har etter barnehagelova.

-Bruke kunnskapen til å gjere risikovurderingar for å vurdere trond for rettleiing og tilsyn.

Kommunen har forbetra informasjonsinnhentinga frå sektoren med felles årleg digital informasjonsinnhenting frå sektoren som grunnlag for risikovurdering. Har forbetra og synleggjort moglegheit for foreldre til å melde avvik og bekymringar til barnehagemynde. Kunnskapen blir brukt til å konsentrere rettleiing- og tilsyns-innsats til dei barnehagar med størst behov.

Øygarden kommune som barnehagemynde skal

-Nytte tilsyn som verkemiddel der dette er naudsynt for å sjå til regelverksetterleiving etter barnehagelova hos barnehageeigar

-Basere tilsynet på oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova

-Vurdere og konkludere på om barnehageeigar oppfyller lovkrava i barnehagelova

-Formidle vurderingar og konklusjonar skriftleg til barnehageeigar.

Tilsyn blir no planlagt og gjennomført med risikobasert metodikk. Kommunen har endra korleis vurderingar og konklusjonar blir formidla.

Helse og velferd

Arbeidstilsyn i eininga Heimetenesta sone Sør

Heimetenesta sone sør fekk melding om tilsyn frå Arbeidstilsynet 08.06.2021. Føremålet med tilsynet var å sjå til at eininga føljer krava i arbeidsmiljøregelverket. Den 06.10.2021 blei tilsyn utført og 01.11.2021 kom tilsynsrapport med varsel om pålegg som eininga snart er ferdige med å svare ut.

Eininga fekk 7 pålegg;

1. Bedriftshelseteneste – plan for bistand
2. Vald, truslar om vald og uheldige belastningar- kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan
3. Vald og trussel om vald – informasjon
4. Vald og truslar om vald – opplæring
5. Psykisk helse – plan og tiltak
6. Manuelt arbeid – kartlegging og risikovurdering
7. Manuelt arbeid – tiltak og plan

Det vert jobba med desse pålegga gjennom kvalitetssystemet Compilo – utført risikovurderingar, laga rutinar, oppretta nye tiltak og planar.

Sosiale tenester i NAV

Føremålet med tilsynet var å undersøke NAV Øygarden sin generelle sakhandsamingstid ang. søknadar om sosialhjelp, som er fire veker. Det vart ikkje avdekkja avvik, då NAV Øygarden klarar å fange opp akutte behov som t.d. behov for mellombels bustad, samt naudhjelp til mat og medisinar når søker gir informasjon om dette. Statsforvaltaren sin vurdering er at NAV Øygarden er opptatt av å gje forsvarlege tenester, og har eit pågåande forbettingsarbeid med fokus på å få ned sakhandsamingstida – både den generelle tida og handsaming av søker når brukar er i ein naudsituasjon. Statsforvaltaren tok NAV Øygarden sitt tilsvare til orientering og avslutta tilsynssaka utan vidare oppfølging.

Tilsyn etter pasient- og brukar rettigheitslova kap. 4A

Tilsynet vart gjennomført ved metodikk for eigenvurdering av praksis etter mal og regi i frå Statsforvaltaren. Etter gjennomført eigenvurdering laga heimetenesta planar og tiltak i etterkant av eigenvurderinga. Kommunen konkluderte ikkje med lovbrot, men avdekkja nokre område som kunne vore betre. Det er sett i verk tiltak retta mot forbettingsområda, og leiinga har ein plan for korleis dei framover vil følgje med på at tiltaka fungerer slik det var tenkt. Tilbakemeldinga i frå Statsforvaltaren er at ein ikkje kjem til å følgje opp kommunen vidare etter den tilsynsstyrte eigenvurderinga, men at ein er velkommen til å ta kontakt med Statsforvaltaren for eventuelle spørsmål og rettleiing.

Kultur og samfunn

Matrikkellovtilsyn

Tilsynet vart gjennomført av Kartverket - ved gjennomgang av sakar sendt inn på førehand, samt intervju med tilsette og leiing på nivå 1 og 2.

Tilsynet fokuserte på kommunen sin oppfylling av lov- og forskriftskrav, og rapporten skildrar eventuelle avvik og merknader som vart avdekt. Rapporten gir difor ingen fullstendig tilstandsvurdering av kommunen sitt arbeid etter matrikkellova.

Gjennom tilsynet avdekkja Kartverket fem avvik og to merknader.

Avvika gjaldt:

1. krav til dokumentasjon av eit spesifikt moment ved oppmålingsforretning
2. tidsfrist for fullføring av ikkje fullført oppmålingsforretning
3. mangelfull føring av bygningsopplysningar i matrikkel
4. manglande informasjon om krav til skilt med adressenummer på bygning/eigedom
5. bruk av bokstav i tillegg til adressenummer i nye felt

Avvika 1, 3 og 4 er følgt opp med m.a. endringar i protokoll- og brevmalar.

Kommunen har god rutine for å følgje opp avvik 2, men fullføring av denne type saker avheng også av partane og tilhøva på plassen.

Avvik 5 er knytt til adressearbeid gjort i dei gamle kommunane. Ny praksis er etablert gjennom eigne retningsliner, som vart vedteke sommaren 2021.

Merknadane gjaldt:

1. Bruk av dei utarbeida sjekklistene
2. Stort omfang av matrikkeleiningar med manglande eller ufullstendige grenser i matrikkelen.

Første merknad er følgt opp med rutinar i sakssystemet der bruk av sjekklistar skal dokumenterast. Andre merknad er eit stort arbeid som er både tid- og kostnadskrevjande, og som ikkje kan finansierast gjennom gebyr. Det er etablert dialog med nabokommunar for å dele erfaring. Det er trond for både sentrale retningsliner for arbeidet og økonomisk støtte frå staten.

Under oppsummeringsmøtet vart det trekt fram at kommunen har god kompetanse, gode sjekklistar og HMT-rutine for utearbeid.

Planlagde tilsyn for 2022

Jf. den nasjonale tilsynskalenderen skal det gjennomførast tilsyn knytt til følgjande område i Øygarden kommune i 2022:

- Arbeidstilsyn
- Skolemiljø
- Forureining

Forvaltningsrevisjonar

Kontrollutvalet sine forvaltningsrevisjonar er eit verkemiddel kontrollutvalet har for å ivareta kommunestyret sitt tilsynsansvar ovanfor administrasjonen. Forvaltningsrevisjonar gir dei folkevalde moglegheit til å følgja opp at politikk og prioriteringar gir ønska resultat i kommunen si forvaltning og tenesteproduksjon.

Kommunedirektøren legg vekt på at funn frå forvaltningsrevisjonar vert brukt til læringsføremål og forbettingsarbeid i organisasjonen. Kontrollutvalet si verksemrd, revisjonen og kommunedirektøren si internkontroll utgjer heilheita i kommunen sin eigenkontroll.

Kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 i kommunestyremøte 17.12.2020. Planen inneholdt 14 prioriterte og 14 uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt.

I 2021 vart det gjennomført forvaltningsrevisjon av plan- og byggesakshandsaming i Øygarden kommune. Deloitte har ferdigstilt forvaltningsrevisjonen av plan – og byggesakshandsaming og rapporten er levert. Kontrollutvalet handsama rapporten 14.02.2022 og kommunestyret gjorde endeleg vedtak i saka 24.03.2022.


Personvern og GDPR

I 2018 vart nytt lovverk for behandling av personopplysningar gjeldande. Dette regelverket stiller langt strengare krav til verksemder vedk. å ha oversikt over sine behandlingar av personopplysningar. Auka digitalisering krev også auka fokus på personvernet og kompetanse på området, slik at kommunen kan vera trygg på at ein følgjer dei krava som er nødvendige innanfor regelverket.

Avvik/ personvern

Det er viktig å avdekke avvik for å få oversikt over sårbarheiter og dermed også forbetre oss. Avvika vart nytta til læring i organisasjonen, og for å få auka fokus på temaet i kvardagen til alle instansar i kommunen.

Diagramma under viser meldte avvik når det gjeld informasjonstryggleik og GDPR i 2020 og 2021:



Ut frå statistikken kan ein sjå at det har vore ein jamn auke i avvik innan personvern og informasjonstryggleik. Årsakene til dette er nok at tilsette etter kvart er blitt meir kjent med systemet, eit generelt auka fokus på at tilsette skal melde avvik og viktigheita av å melde avvik også innan personvern og informasjonstryggleik.

Meldingar til datatilsynet

Avvik som gjeld personvern og informasjonstryggleik, kor det er sannsynleg at brotet kan føre til risiko for dei registrerte sine rettar og fridomar, skal meldast til Datatilsynet. Slike meldingar har ein meldefrist på 72 timer. Kommunen har i løpet av 2021 meldt inn 9 slike saker til Datatilsynet, mot 13 saker i 2020.

Stabsavdeling Tryggleik har koordinert arbeidet med innsending, innhenta informasjon frå tenester og hatt dialog med Datatilsynet i sakene. Alle meldingane vart lukka utan pålegg frå Datatilsynet.

Utført arbeid

- Avtale med Bergen om samarbeidsfunksjonen personvernombod er vidareført
- Begynt arbeidet med behandlingsprotokoller og teke i bruk det digitale systemet Ardoq til dette
- Arbeid med konsekvensvurderingar (DPIA)er påbegynt, malverk utarbeidd og det vert arbeida med rettleiingsmateriell
- Kurs i personvern (KINS -kurs) er lagt i KS læring og bredda ut i organisasjonen i samband med påbod om heimekontor. Det ligg også kurs i kvalitetssystemet som er lett tilgjengeleg under ulike tema knytt til personvern.
- Utarbeida utkast til styrande rutinar som mål- og strategi og organisering innan personvern og informasjonstryggleik-området
- Påbegynt risikovurderinger (ROS) knytt til personopplysningar og laga malverk for ROS på GDPR område
- Kvalitetssikring av databehandleravtalar
- Arbeidd med å få oversikt over alle systemløysingar i kommunen som behandler personopplysningar

Følgjande skal arbeidast med i 2022

- Utarbeide styringssystem for informasjonstryggleik og GDPR
- IKT reglement (er utarbeida)
- Få på plass fleire protokollar for behandlingar, få gjort rutinar og rettleiingsmateriell lett tilgjengeleg i kvalitetssystemet Compilo.
- Utarbeide styringssystem for informasjonstryggleik og GDPR

Digitalisering

Framtidas utfordringar og strammare økonomiske rammer vil krevja nye arbeidsprosessar og ny teknologi. Øygarden kommune må møte utfordringane gjennom kunnskapsbasert utvikling, innovasjon og digitalisering innanfor alle tenesteområde. Kommunen sin tilgang på og bruk av kompetanse vil vera avgjerande for å kunne levera gode og effektive tenester.

Digitalisering betyr å nytte teknologi for å forenkle, fornye og forbetra tenestene. Det kan føre til endringar i organisering, ansvarspllassering, arbeidsprosessar og bemanning. Digitalisering handlar difor like mykje om endringsleiring, kompetanse- og organisasjonsutvikling og ressursforvaltning, som teknologi.

Utført arbeid

Øygarden kommune er med i Digi Vestland som er eit samarbeid mellom alle dei 43 kommunane i Vestland. Ved å gå saman i digitaliseringssamarbeid skal kommunane kunne handtera og utnytta den digitale utviklinga. Kommunane skal tilpassa dei nye løysingane i fellesskap, og ta dei raskt og effektivt i bruk.

I 2021 vart det investert i Chromebooks til skulane og i velferdsteknologi på sjukeheimar i kommunen.

Følgjande skal arbeidast med vidare

I samfunnsdelen til kommuneplanen 2022-2034 er ein av strategiane at vi skal ta i bruk nye teknologiske, brukarvenlege og digitale løysingar. Kommunalsjefområde Økonomi og organisasjon vil vera leiande i digitaliseringa av organisasjonen.

EHandel, digitale verksemdsplanar og velferdsteknologi er døme på digitalisering og forbetring av prosessar som igjen skal føra til effektivisering av organisasjonen.

Kommunen som arbeidsgjevar



Bemanning

Øygarden kommune starta ny kommune med 2 420 årsverk. I budsjettet for 2022 er bemanninga redusert til 2 357 årsverk, ein reduksjon på 63 årsverk på to år. Årsverka er fordelt på dei ulike områda som vist i tabellen under:

Kommunalsjefområde	Årsverk 1.1.2020	Årsverk 1.1.2021	Årsverk 1.1.2022
Kommunaldirektør inkl. ressursgruppe	22	11	3
Økonomi og organisasjon	128	119	108
Oppvekst	1 246	1 217	791
Helse og velferd	769	779	1 200
Kultur og samfunn	256	253	255
Sum	2 420	2 379	2 357


Frå oppstart av ny kommune har organisasjonen redusert bemanninga med 93 årsverk. Om lag 30 årsverk var vakante stillingar eller tilsette som gjekk av med pensjon ved årsskifte 2019/ 2020.

	Haust 2019	01.01.2020	01.01.2021	01.01.2022
Årsverk	2 450	2 420	2 379	2 357
Endring				-93

Det er teke grep med å redusera talet på årsverk i 2021 gjennom sluttspakkar. Omlag 70 tilsette (56 årsverk) vart innvilga sluttspakka. Når sluttspakkane er ferdig betalt i løpet av 2022 er kostnadane kr 40 mill lågare enn i dag.

Sjukefråvær

Diagramma under viser sjukefråværet per kvartal i 2020 og 2021



Totalt var sjukefråværet 10,3% i 2021, mot 9,7% i 2020. Av det totale sjukefråværet på 10,3% var 6,8% over 40 dagar i 2021. I 2020 var 6,6% av det totale sjukefråværet på 9,7% over 40 dagar.

Sjukefråvær pr. kvartal og pr. kommunalsjefsområde:

Kommunalsjefsområde	1.kvartal		2.kvartal		3.kvartal		4.kvartal		Totalt	
	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021
Økonomi og organisasjon						7,7		8,8		7,9
Helse og velferd	11,5	11,5	10	10,6	9,6	11,8	11,2	13,5	10,8	12
Oppvekst	11,5	10,5	8,4	10	7,1	7,8	10	11,4	9,5	10
Kultur og samfunn	9	7,5	8,3	9,2	8,3	8,3	8,2	10,4	8,8	8,9

Tilbakemeldinga frå kommunalsjefområda er at koronasituasjonen har ført til auka slitasje og arbeidsbelastning. Koronasituasjonen har også ført til mindre tid til og vanskelegare rammer for oppfølgingsarbeidet.

Utført arbeid knytt til nærværarbeid på system/ organisasjonsnivå

Regjeringa og hovudorganisasjonane i arbeidslivet inngjekk 18.12.2018 ny intensjonsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtale) for perioden 01.01.2019 – 31.12.2022.

Avtalen har to nasjonale målsetjingar:

- Redusere sjukefråværsprosenten med 10 %, samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018.
- Fråfall i arbeidslivet skal reduserast.

Øygarden kommune er ei IA-verksemd, og for å nå desse måla er det utvikla rutinar og rettleiarar knytt til nærværarbeid og sjukefråværsoppfølging. Desse ligg tilgjengeleg for alle tilsette og leiarar i

kvalitetssystemet. Elles vil alt arbeid knytt til arbeidsmiljø og HMS også kunne ha positiv verknad på sjukefråværet

Følgjande skal arbeidast med i 2022

Øygarden kommune skal halde fram med nærværarbeidet og arbeide for å førebyggje fråfall i arbeidslivet jf. ovannemnde punkt. Det vert arbeidd med å innføra betre og meir systematisk oppfølging av sjukefråværet i einingane. Kommunalsjef Helse og velferd har saman med NAV Arbeidslivssenter etablert eit prosjekt der ein har fokus på arbeidsmiljø, førebyggje og redusere sjukefråvær, samt livsfasearbeid.


Arbeidsmiljø og HMS arbeid

Eit godt og systematisk HMS-arbeid skal bidra til eit arbeidsmiljø som er til alle sitt beste.

HMS-avvik

I 2021 vart det totalt meldt inn 2001 HMS avvik, mot 1210 HMS avvik i 2020. Det utgjer ein auke på vel 65%. Noko av årsaka til denne auken er at organisasjonen har hatt eit særskild fokus på å utvikle god kultur for å melde frå om avvik, og det er gitt opplæring til tilsette og leiatar.

HMS-avvik fordelt på kategoriar i 2021:



Tabellen viser HMS-avvik fordelt på dei ulike kategoriane samanlikna med 2020:

Avvikskategori	2020	2021
Arbeidsmiljø – fysisk/kjemisk	18%	19%
Arbeidsmiljø – psykososialt	22%	25%
Brannvern	3%	3%
Nesten uhell	7%	8%
Smittevern/ biologisk materiale	6%	3%
Ulykke, uhell alt. med personskade	7%	7%
Vald mot tilsette	37%	35%

Størst del HMS-avvik er registrert i kategoriane vald mot tilsette og psykososialt arbeidsmiljø, både i 2020 og 2021. Organisasjonen må difor rette særleg merksemd mot desse områda i 2022.

Utført arbeid på system/ organisasjonsnivå

To år inn i den nye kommunen ber arbeidsmiljøet framleis preg av tre kulturar som skal sameinast og Covid-19. Det har vore krevjande å jobba med kulturbygging og arbeidsmiljø under pandemien. Nedstenging og praktisering av arbeid heimanfrå har avgrensa moglegheitene for samhandling og kulturbygging i ny organisasjon. Følgjande arbeid er utført på system/ organisasjonsnivå knytt til HMS og arbeidsmiljø:

AMU (arbeidsmiljøutvalet)

AMU har gjennomført til saman 6 møte i 2021. Utvalet handsamar i hovudsak saker på systemnivå som t.d. rutineendringar, statusrapportar og liknande. Totalt vart det handsama 20 saker i AMU i 2021. I 2020 var talet 26.

Styringssystem for HMS arbeid

Det overordna HMS-ansvaret i Øygarden kommune ligg til Kommunedirektøren, medan stabsavdeling Tryggleik koordinerer og følgjer opp oppgåvene. Einingsleiarar og leiarar av stabsavdelingane har delegert HMS-ansvar for sine einingar. I 2021 vart det utarbeida eit overordna HMS system med tilhøyrande rutinar:

- Reglement for HMS internkontroll i Øygarden kommune
- Organisasjon og ansvar HMS arbeidet
- Prosedyre for intern/ekstern varsling ved HMS hendingar
- Rutine for avvik og alvorlege hendingar
- Risikostyring Øygarden kommune


Opplæring i HMS

Innan HMS har alle leiarar fått tilbod om opplæring i Risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS) og

stabsavdeling Tryggleik har bistått i arbeidet med utarbeidninga av tenestene sin ROS. Det har vore gjennomført 40t HMS grunnkurs for verneombod og 2 dagars HMS opplæring for leiarar.

Samarbeid med bedriftshelsetenesta

Øygarden kommune har avtale om bedriftshelseteneste (BHT) med Avonova. Eigen årsrapport frå BHT vert handsama i AMU kvart år. Fordeling av deira aktivitet knytt til Øygarden kommune for 2021 er illustrert i diagrammet under:



Aktivitetane er fordelt i hovudsak på desse områda:

- Psykososial arbeidsmiljø - individamtalar
- Bistått med fem målingar/kartleggingar av arbeidsmiljø
- Gjennomført til saman 45 helsekontrollar
- Arbeidsplassvurderingar/tilretteleggingar
- Bistått i to endringsprosessar

Revidert rutine for partssamarbeid

Eit velfungerande partssamarbeid er viktig knytt til det kontinuerlege arbeidet med å sikre eit godt arbeidsmiljø. I samband med kommunesamanslåinga vart det utarbeida rutine for partssamarbeid, som vart vedteke i Administrasjonsutvalet (ADMU) 18.02.20. Rutinen skulle evaluerast innan utgangen av 2020. Ei arbeidsgruppe bestående av representantar frå arbeidsgivar, HTV (Utdanningsforbundet, samanslutningane LO og YS) og HVO vart oppnemnd for å revidere rutinen. Revidert rutine for partssamarbeid vart handsama og vedteke i ADMU 06.09.2021 (sak 021/21)

Betalt lunsjpause

Fjell, Sund og Øygarden hadde ulike ordningar knytt til lunsjpause, nokon hadde betalt lunsjpause medan andre ikkje. Ulikskapane har ført til at tilsette som i ny kommune er på same avdeling eller arbeider med same oppgåver har hatt ulike ordningar. Mange har opplevd dette som eit arbeidsmiljøproblem. Kommunedirektøren har ved fleire høve drøfta sakar med hovudtillitsvalde og hovudverneombod, som har vore eintydige i tilbakemeldinga om at dei ønskjer betalt lunsjpause for alle. Dei peikar på at det vil gi best resultat for arbeidsmiljøet og kan løna seg for arbeidsgjevar, då det kan gi meir motiverte tilsette. Arbeidsmiljøutvalet (sak 026/21) og Administrasjonsutvalet (sak

018/21) behandla sak om betalt lunsjpause i 2021. I budsjett 2022 gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

Kommunestyret vedtek å innføra betalt lunsjpause for tilsette i einingar der den reduserte arbeidstida ikkje må erstattast. Det er ein føresetnad at arbeidet vert organisert slik at oppgåveløysing og tenestetilbod ikkje vert svekka som følge av ordninga.

Kommunedirektøren planlegg at dei resterande som per i dag ikkje har betalt lunsjpause vil få dette frå 2023.

Lønspolitisk plan

Ein føreseieleg lønspolitikk og lokale verkemidlar for å behalde, utvikle og rekruttere tilsette i samsvar med kommunen sine mål, oppgåver, ansvar, behov og rammevilkår, er særsviktig for å sikre eit godt arbeidsmiljø. Den 09.09.2021 (sak 026/21) vedtok administrasjonsutvalet lønspolitisk plan for Øygarden kommune.

Elektronisk stoffkartotek (ECO online) er tilgjengeleg for alle tilsette. Det er også gjennomført kartlegging av kjemikaliebruken i den nye kommunen og dette er registrert i systemet.

Følgjande skal arbeidast med i 2022

- Det pågåande samarbeidet innan HMS med hovudverneombod og bedriftshelsetenesta skal halde fram når det gjeld å utforma rutinar, styrking av kompetanse og implementering av ein heilskapleg HMS-plan for organisasjonen
- Gjennomføre 10 faktor -medarbeidarundersøking

Likestilling og mangfold

Frå 1. januar 2020 har arbeidsgivarar og offentlege myndigheter fått ei styrka plikt til å arbeide med likestilling og ikkje-diskriminering, den sokalla aktivitets- og redgjørelselsplikten (ARP). Den inneber at alle arbeidsgivarar i offentlege verksemder skal gje greie for:

- Den faktiske tilstanden for kjønnslikestilling i verksemda
- Kva dei gjer for å oppfylla aktivitetsplikta

Denne tabellen syner samla årsverk pr. år i Øygarden kommune, prosentdel kvinner og prosentdel menn:

År	Årsverk	Prosent kvinner	Prosent menn
2020	2 379	86%	14%
2021	2 357	85%	15%

Denne tabellen syner gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner og menn som er tilsett i Øygarden kommune:

År	Gjennomsnittleg stillingsstorleik kvinner	Gjennomsnittleg stillingsstorleik menn
2020	72%	80%
2021	85%	90%

Denne tabellen syner antal og samansetnad kvinner og menn i kommunedirektøren si leiargruppe:

År	*Antal i leiargruppa	Kvinner	Menn
2020	7	5 (71,4%)	2 (28,6%)
2021 (frå 15.06.2021)	6	4 (66,7%)	2 (33,3%)
2022	5	4 (80%)	1 (20%)

*Endringar i antal i kommunedirektøren si leiargruppe:

- Ny organisering frå 15.06.2021 då dei to kommunalsjefsområda økonomi og organisasjon og digitalisering, vart slått saman til eitt kommunalsjefsområde med ein kommunalsjef – økonomi og organisasjon
- Assisterande kommunedirektør gjekk ut med sluttspakke frå 01.11.2021.

Tabellane over syner at det er kvinneleg dominans blant dei tilsette i Øygarden kommune inkludert i toppleiargruppa, men at menn framleis har høgast stillingsstorleik.

Utført arbeid

- Ledige deltidsstillingar vert vurdert for utviding når det er mogleg ut frå driftsomsyn.
- Arbeidet for å unngå diskriminering har m.a. vore ivareteke gjennom arbeidet kommunen har utført i kraft av å vera ein IA-bedrift (Inkluderande arbeidsliv), til dømes å vera oppteken av auka sysselsetjing for personar med nedsett arbeidsevne, omplasseringar og moglegheiter for utprøving grunna helse.
- Ved tilsetting vert det i fyrste rekke teke omsyn til søkerane sine kvalifikasjonar (teoretisk og praktisk utdanning samt om ein er eigna). Når søkerar av begge kjønn står kvalifikasjonsmessig likt eller tilnærma likt, kan søker viss kjønn er underrepresentert føretrekkast når dette er i samsvar med likestillings- og diskrimineringslova.
- Kommunen har ein livsfaseorientert personalpolitikk som har som mål å ta vare på tilsette i ulike livssituasjonar, også tilsette som nærmar seg pensjonsalder. Uansett alder og livssituasjon vert det lagt vinn på at tilsette som treng det får tilpassa arbeidsoppgåver så langt det let seg gjera i høve til å sikra tenestebehov.
- Vedteken lønspolitiske plan (2021 - 2022) som m.a. omhandlar arbeid for å fremje og ivareta likestilling, omplassing ved m.a. sjukdom, heiltidskultur og seniorpolitiske tiltak.

Følgjande skal arbeidast med vidare

Det er viktig for Øygarden kommune å sikra likeverd, inkludering og mangfald i heile organisasjonen. Kommunen skal arbeide systematisk i høve til ARP plikta og halde fram med arbeidet jf. ovannemnde punkt. Ingen skal oppleve diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, eller kombinasjonar av desse grunnlag. I tillegg skal organisasjonen førebygge trakassering. I den samanheng vert det vist til dei etiske retningslinjene, avvikssystemet og rutine for varsling.

Politisk



Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap		Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021	2021			
Sum	13 926	18 038	17 282	756	4,2 %	

Kommentar til status økonomi

Poltisk kapittel har eit mindreforbruk på kr 756 000 i 2021.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap	Oph.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
	2020	bud.	2021		
Løn	8 644	8 483	8 525	10 417	-1 891
Refusjon løn	0	0	0	-12	12
Sum Løn	8 644	8 483	8 525	10 405	-1 879
Kjøp av varer og tenester	2 628	5 591	5 591	3 724	1 867
Overføringer	3 131	4 728	4 728	3 827	901
Finansutgifter	0	0	0	0	0
Sum Utgifter	5 759	10 319	10 319	7 551	2 768
Refusjonar	-478	-806	-806	-674	-132
Overføringsinntekter	0	0	0	0	0
Finansinntekter	0	0	0	0	0
Sum Inntekter	-478	-806	-806	-674	-132
Netto resultat	13 926	17 996	18 038	17 282	756

Kommunedirektør



Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap			Avvik i kr	Avvik i %
	2020	Rev. bud.	Rekneskap		
2000-Kommunedirektør	68 476	74 465	79 113	-4 648	-6,2 % !
2010-Ressursgruppe	9 450	6 984	4 123	2 862	41,0 % ✓
Sum	77 925	81 449	83 236	-1 787	-2,2 % !

Kommentar til status økonomi

Kommunedirektøren har eit meirforbruk på kr 1 787 000 i 2021. Avviket skuldast utgifter knytt til bytte av kommunedirektør.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2021	Avvik i kr
					2021
Løn	14 103	10 179	10 585	10 140	445
Refusjon løn	-405	0	-107	-197	90
Sum Løn	13 697	10 179	10 478	9 944	534
Kjøp av varer og tenester	2 236	2 787	2 787	4 252	-1 465
Overføringer	62 996	67 516	69 958	91 587	-21 629
Finansutgifter	2	0	0	6 895	-6 895
Sum Utgifter	65 234	70 303	72 745	102 734	-29 989
Salsinntekter	0	-401	-401	0	-401
Refusjonar	-1 006	-1 373	-1 373	-535	-838
Overføringsinntekter	0	0	0	-24 567	24 567
Finansinntekter	0	0	0	-4 340	4 340
Sum Inntekter	-1 006	-1 774	-1 774	-29 442	27 668
Netto resultat	77 925	78 708	81 449	83 236	-1 787

Økonomi og organisasjon



Beskriving av tenesteområde

Kommunalområde Økonomi og organisasjon består av stabsavdelingane Personal og organisasjonsutvikling, Økonomi og verksemderstyring, Innkjøp og investering, IKT og dokumentsenters, Service og Tryggleik.

Viktige hendingar

Innleiing

Kommunalsjefområde Økonomi og kommunalsjefområde Organisasjon og digitalisering vart slått saman til eit felles kommunalsjefområde Økonomi og organisasjon frå 15.06.2021. Bakgrunnen for omorganiseringa var ei evaluering av dei to stabskommunalsjefområda i 2020. Evalueringa var ferdig i november 2020 og peikte på at det måtte gjerast grep knytt til organiseringa for å løyse utfordringane som vart identifisert i evaluatingsrapportane.

Det er verd å merke seg at Øygarden kommune vart nr. 7 av 339 kommunar på åpenhetsbarometeret til Pressens offentlighetsutval og Kommunal rapport i 2021.

KOFA ila Øygarden kommune bot i ei sak i 2021. Denne saka gjaldt rammeavtalar for håndverkstenester i tidlegare Øygarden kommune. Her fekk kommunen eit gebyr på kr 9 130 000 for ulovleg direkteanskaffing. Gebyret er rekneskapsført i rekneskapen for 2021. I mars 2022 har KOFA redusert gebyret til kr 8 012 000.

I februar 2022 ila KOFA Øygarden kommune eit gebyr på kr 254 000. Denne saka gjaldt ulovleg direkteanskaffing i samband med tidlegare Øygarden kommune sitt kjøp av konsulenttenester frå Asplan Viak AS og HR Prospekt AS.

Det er også i mars 2022 motteke varsel om gebyr for ulovleg direkteanskaffing i samband med anskaffing av Framsikt som er eit digitalt verktøy for budsjettering, analyse og verksemderstyring. Kommunalsjef for Økonomi og organisasjon vurderte at det ikkje fans alternativ til Framsikt i marknaden. For å forsikra oss om at dette var rett la vi ut ei intensjonskunngjering i Doffin. Ingen leverandørar kom på banen etter intensjonskunngjeringa. KOFA har kome til at dette er ei ulovleg direkte anskaffing og har varsle eit gebyr på kr 182 000. KOFA vurderer grunngjevinga for å fravika

konkurranse som ikkje godt nok utreda og dokumentert. Kommunen har frist til 22. april med å redegjøra for vår vurdering av saka og det varsla gebyret.

Personal og organisasjonsutvikling

Forutan daglege driftsoppgåver har mykje av 2021 gått med til bygge ein ny avdeling. Avdelinga er sett saman av medarbeidarar frå ulike einingar, og det har vore viktig å leggje til rette for ein inkluderande prosess kor alle skal få medverka når det gjeld organisering og fordeling av oppgåver. Det har og vore viktig at tilsette vert kjend med kvarandre, sjølv om mange hadde noko kjennskap til sine nye kollegaer frå før. Noko av det viktigaste har vore å få oversikt over alle oppgåvene som forventast løyst av stabsavdelinga, vidare å få oversikt over pågående prosessar og status. Noko av bakgrunnen for omorganseringa var at det var identifisert ulik arbeidsbelastning for tilsette under kommunalsjefområdet organisasjon og digitalisering. Det har difor vore viktig å sjå til belastninga til kvar og ein tilsett. Med stillingsstopp og tre vakante stillingar samt store restansar når det gjeld gjenståande arbeid i samband med kommunenesamanslåinga, har det vore krevjande å prioritere. Ein kompliserande faktor har og vore pandemi- situasjonen med heimekontor og bidrag på ulike måtar til å handtere pandemien(låne ut ressursar, svare ut spørsmål, rekruttere vikarar mm)

Daglege og rutinemessige oppgåver handlar i stor grad om å bistå og rettleie leiarar i organisasjonen samt bistå med ulike formar for saksbehandling. Dette handlar mellom anna om endringar i personalforhald, rekruttering, konfliktsaker og sjukefråværssarbeid. Mykje ressursar går og med til å rettleie i lov- og avtaleverk samt vedtekne styringsdokument. Arbeidet med lærlingar er og tidkrevjande, men vi har i løpet av 2021 fått på plass fagleiarar i dei to «store» lærling- faga; barne- og ungdomsarbeidarfaget og helsefagarbeidar- faget. Dette er ei mellombels løysing, men har heilt klart letta arbeidet.

I 2021 har vi starta og gjennomført fleire kurs i sjukefråværssoppfølging. Kurset er for leiarar, det er delt inn i tre med fokus på ulike fasar i oppfølginga. Det har vore frivillig å melde seg på, og det har vore god oppslutning. Dette er ein del av arbeidet vi gjer for å styrke leiarar i leiarrolla si samt eit bidrag til å redusere sjukefråværet i kommunen.

Vidare har avdelinga gjennomført lokale lønnsforhandlingar hausten 2021. Dette er stort, viktig og tidkrevjande arbeid. Grundig før- og etterarbeit er naudsynt. Ein opplevde god stemning mellom partane, og ein landa oppgjøret med eit brot.

Rett før ein starta lønsforhandlingane, vart lønspolitisk plan for Øygarden kommune vedteke. Ein har i tillegg handtert ein del harmoniseringsarbeid på personalfeltet, mellom anna avtale om arbeidstøy innanfor oppvekst. Vidare har ein fått laga ein struktur for samarbeid med Øygarden brann og redning, og ein har fått innlemma dei i lønspolitikken samt gjort naudsynte avklaringar knytt til ein del personalfaglege problemstillingar.

Økonomi og verksemdsstyring

Hausten 2020 var avtale om hovudbanksamband ute på anbod. DnB vann anboden og det vart inngått ny avtale gjeldande frå 1.4.2021.

Kommunestyret vedtok i KS-sak 093/21 å legga pensjonstenestene ut på anbod. Konkurransegrunnlaget vart godkjent i formannskapsmøte 24.08.2021. Kommunestyret vedtok i KS-

sak 129/21, 30.09.21, å tildela oppdraget til Storebrand i samsvar med tilbodsevalueringa som viste at dei hadde levert det beste tilbodet ut frå dei fastsette kriteria, totaløkonomi og kvalitet. Dei første månadane av 2022 er det prosessar for å sikra overføringa frå Klp til Storebrand på ein god måte.

I slutten av året vart det utarbeidd prosjektplan for introduksjon av heilskapleg verksemderstyring i heile organisasjonen. Prosjektet vil gjennomførast i 2022.

Elles er det arbeidd med rutinar og system for mellom anna å sikra at rekneskapen for 2022 vert levert innan fristen 22. februar 2022.

Innkjøp og investering

Følgjande har vore arbeidd med i 2021:

- Ferdigstilling av investeringsprosjektet Liljevatnet barnehage.
- Ferdigstilling av velferdsteknologi Sundheimen
- Utarbeiding og innføring av administrativt innkjøpsreglement for Øygarden kommune.
- Gjennomført fleire større konkurransar;
- Rammeavtale rådgjevande ingeniør-/arkitekttenester/planfagleg rådgjeving
- Rammeavtale oppmålingstenester
- Sekretariat kontrollutval
- Forsikra pensjonsløysing

IKT og dokumentsentersenter

Følgjande har vore arbeidd med i 2021:

- Opplæring sak-/arkivsystem WebSak gjennomført på teams
 - 19 kurs fordelt på oppfriskningskurs og grunnkurs
 - Faste møtepunkt for opplæring for barnehagestyrar anna kvar månad
 - Fleire kurs på teams tilpassa ulike einingar
- Integrasjonar til WebSak
 - Pilot på integrasjon til Compilo (interkontroll system) – etablert og i drift
 - Pilot på integrasjon til Transponder (meldingssystem for skulene) – etablert og i drift
 - Satt opp integrasjon til innkjøpsystem Mercell – etablert og i drift
 - Satt opp integrasjon til Visma flyt barnehage – etablert og i drift
- Arkivrom på rådhuset er tømt. Flyttet nokre arkiv til arkivlokalar på Rong, elles er alt avlevert til Interkommunalt arkiv i Hordaland. Kjøpt ordningsteneste av IKAH for ordning av avlevert arkivmateriale. Berre byggesaksarkiv/GBNR arkiv står att i påvente av restart av digitaliseringsprosjekt.
- Påbegynt innhenting av avslutta arkiv på skuler og barnehagar. Mål for 2022 er å ferdigstille innhenting og få på plass gode rutinar for avlevering 1 gang i året. Berre dokumentsentersenter skal oppbevare avslutta arkiv i kommunen.
- Tatt i bruk internkontroll system Compilo for publisering av rutinar og prosedyrar for forvaltning av kommunen sine arkiv.
- Saman med informasjonsavdelinga utarbeida fleire nye digitale skjema for betre og meir effektiv dokumentflyt. Kobling mellom skjema og Acos mottak/websak.

- IKT og dokumentssenter har mottatt 8 476 saker til handsaming i Tilsettsservice. 6537 går til IKT mens 1939 går til dokumentssenter.
- Nettverksinfrastrukturen er oppgradert. Det er blant anna skifta switchar og trådlaus aksesspunkt.
- Redundant linjeløysing knytt til NHN og kjernestruktur er etablert.
- Det er gjennomført opprydding og avvikling av gammal infrastruktur. Gamle datarom, severe og nett er no slått av.
- Det er etablert velferdsteknologi på Sundheimen samt starta utbygging av Tednebakkane.
- Ny backupløysing er satt i drift.
- Det er gjort ein del fornying knytt til PC-ar og Chromebooks.
- Arbeidet med å flytte Exchangeserveren i sky starta i 2021.
- Nye Spildepollen barnehage vart satt i drift.
- Vi har tatt i bruk Intune til styring og oppsett av nettbrett som iPad og Android brett.
- Starta arbeid med nytt barnevernssystem.
- Covid 19 har prega eininga gjennom 2021. IKT har levert massiv støtte til vaksinasjonsarbeidet, koronatelefon og test stasjon gjennom 2021. På slutten av året fekk vi implementert ei online løysing slik at innbyggjarane sjølv kunne bestille PCR test.

Service

Følgjande har vore arbeidd med i 2021:

- Planlagt, organisert og gjennomført stortingsvalet 2021. 21 660 røyster motteke. Førehandsrøysting var på innbyggjartorg/ bibliotek. Det var 13 065 førehandsrøyster. 8 605 røysta i ein av dei 13 valkrinsane på valdagen.
- Lett tilgjengelege hurtigtestar på innbyggjartorg og bibliotek. Det har blitt utdelt 150 000 hurtigtestar på dei tre innbyggjartorga/ biblioteka.
- Politisk sekretariat har lagt til rette for gjennomføring av 152 møter i politiske organ, utval, råd og arbeidsgrupper. I 2020 var det 109 møter.
 - 62 av desse møta har blitt overført direkte på kommune-tv. I 2020 vart 20 møte overført.
- Kommunen si informasjonsavdeling har ansvar for kommunikasjon, heimeside, overføring av politiske møter med meir.
 - 1,6 mill nettøkter/besøk på kommunens heimeside i 2021. Ein auke på 33% frå 2020.
- Løpende saksbehandling og harmonisering av praksis frå dei tre gamle kommunane innanfor forvaltningsområder:
 - Alkohollova
 - Serveringslova
 - Forskrift om parkeringsløyve for forflytningshemma
 - Moderasjonsordningar for redusert foreldrebetaling i barnehagar
 - Moderasjonsordningar for redusert foreldrebetaling SFO
 - Forskrift om startlån
 - Lov om bustøtte
- Gjennomført barnehageoppakt og som barnehagemynde sjå til at barnehagane driv i samsvar med regelverket.
 - Har etter tilsyn og dialog frå Statsforvaltar innført risikobasert metodikk for bruk av tilsyn av barnehagesektoren.

- Har i samarbeid med øvrig kommuneorganisasjon arbeidd for at innbyggjartorg og bibliotek blir naturlege møtepunkt der daglege tenester er tilgjengelege for innbyggjarane lokalt og digitalt.

Tryggleik

Stabsavdeling Tryggleik har vore deltakande part i kommunal kriseleiing (KKL) i Covid-19-pandemien, Storbrannen juni 2021 og brannen på Franzefoss (Eide) i desember 2021.

Dialog opp mot personvernombodet i Bergen, rådgjeve organisasjonen og handtert totalt 114 rapporterte avvik på personvernområde (GDPR) og bistått i 9 meldepliktige GDPR brot til Datatilsynet. Laga utkast til styringssystem for informasjonstryggleik og GDPR. Alle avvika vart lukka i 2021 utan at kommunen fekk pålegg.

Det er gjennomført 2 dagars HMS opplæring leiarar og 40t HMS kurs verneombod, samt ein har delteke i AMU som rådgjevar. Tryggleik har rådgjeve leiarar og tilsette i HMS spørsmål, særskilt knytt opp mot risikoanalyse, arbeidsmiljø og tryggleik.

Vidareutvikla kvalitetssystemet compilo og hatt særskilt fokus på dokumentmodul og årshjulsmodulen. Gjennomført opplæring i alle modular og utvikla tilpassa avvikskategoriar i tett samarbeid med tenestene.

Kommuneadvokatkontoret har hatt eit hektisk år med totalt 40 saker handsama i domstoler, fylkesnemnd og andre konfliktløysande organ. Fordelt slik;

- Høgsterett: 1 (skriftleg)
- Gulating lagmannsrett: 3
- Hordaland tingrett: 6
- KOFA: 2
- Fylkesnemnda, russak: 2
- Fylkesenemnda, barneverntenester: 24
- Forliksrådet: 2

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap			Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021	2021		
2100-Kommunalsjef økonomi og organisasjon	1 698	1 392	1 494	-102	-7,3 %
2110-Økonomistyring	18 927	17 819	19 100	-1 281	-7,2 %
2120-Kemner	2 974	0	151	-151	0,0 %
2130-Innkjøp og investering	4 955	8 471	8 049	422	5,0 %
2150-Personal og organisasjonsutvikling	0	6 559	4 640	1 920	29,3 %
2160-IKT og Dokumentsenter	0	29 200	27 159	2 041	7,0 %
2200-Kommunalsjef organisasjon og digitalisering	8 565	9 629	12 423	-2 794	-29,0 %
2210-Drift	66 841	28 629	34 889	-6 260	-21,9 %
2220-Utvikling	12 506	8 280	6 677	1 604	19,4 %

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021	2021		
2230-Service	237 149	240 579	246 319	-5 740	-2,4 %
2240-Tryggleik	10 786	13 006	12 189	817	6,3 %
2290-HTV, HVO & lærling	14 167	19 367	16 693	2 674	13,8 %
Sum	378 569	382 931	389 783	-6 852	-1,8 %

Kommentar til status økonomi

Kommunalsjefområde Økonomi og organisasjon har eit meirforbruk på kr 6,8 mill i 2021. Hovudårsaka til meirforbruket er høgare tilskot til private barnehagar enn budsjettert. Dette er knytt til ny privat barnehage samt at det blei endringar i statsbudsjettet knytt til pensjonsutgifter og kapitaltilskot. Kommunen har fått auka rammetilskot på kr 3,9 mill knytt til dette. Meirforbruket knytt til tilskot private barnehagar er på kr 4,7 mill i 2021.

Når det gjeld datalisensar er det eit meirforbruk på kr 2,7 mill.

Mange stillingar har stått vakante i siste halvdel av året pga tilsetjingssstopp.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
	2020	bud.	2021		
Løn	124 116	125 558	131 813	131 063	750
Refusjon løn	-4 619	0	-900	-5 446	4 546
Sum Løn	119 496	125 558	130 913	125 617	5 295
Kjøp av varer og tenester	270 794	256 443	270 421	282 334	-11 913
Overføringer	26 219	21 047	23 924	19 174	4 750
Finansutgifter	14 312	0	0	608	-608
Sum Utgifter	311 325	277 490	294 345	302 116	-7 771
Salsinntekter	-5 272	-251	-251	-2 823	2 572
Refusjonar	-37 033	-29 881	-32 776	-23 023	-9 753
Overføringsinntekter	-3 656	0	0	0	0
Finansinntekter	-6 292	0	-9 300	-12 104	2 804
Sum Inntekter	-52 253	-30 132	-42 327	-37 950	-4 377
Netto resultat	378 569	372 916	382 931	389 783	-6 852

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Øygarden 2020	Øygarden 2021	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb <u>(B)</u>	5 192	4 406	3 637	3 762	3 858	3 660	4 513
Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B)	770	738	641	775	134	516	531

Øygarden kommune bruker kr 4 406 per innbyggjar til administrasjon. Dette er høgre enn gruppe 10, men litt lågare enn landsgjennomsnittet.

Øygarden kommune bruker kr 738 per innbyggjar til administrasjonsbygg, noko som er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Helse og velferd



Beskriving av tenesteområde

Kommunalsjefområde Helse og velferd består av heimetenester, sjukeheimar og omsorgsbustader med heildøgns omsorg, tenester til menneske med nedsett funksjonsevne, rus og psykisk helse, legetenester og legevakt, lokalmedisinsk senter, NAV og helse, meistring og rehabilitering.

Viktige hendingar

Innleiing

2021 har vært eit krevjande år for Helse og velferd i samband med Covid-19 og framleis ein del uløyste problemstillingar etter kommunesamanslåing. Mange planlagde aktivitetar innan Helse og velferd er utsett grunna allokering av ressursar knytt til dagleg drift og nye tiltak som måtte etablerast i samband med pandemien. Det kan m.a. nemnast at leiarsamlingar for å bygge felles kultur, felles mål og sikre involvering i prosessar knytt til økonomisk styring og felles fagleg utfordringsbilete i mindre grad har latt seg gjennomføre som planlagt. Digitale møte har til ein viss grad bøta på dette og har vært eit godt reiskap for å sikre tverrfagleg innsats i det daglege arbeidet. Arbeidet med harmonisering av tenester har heller ikkje kome så langt som vi kunne ønskje ettersom handteringa av pandemien og den daglege drifta har teke mesteparten av kapasiteten i oppgåveløysinga.

Alle tilsette innan Helse og velferd har gjort ei formidabel innsats gjennom året, og leiarane har vist stort engasjement for at tenestene til innbyggjarane i størst mogleg grad skulle oppretthaldast til tross for store utfordringar knytt til ressurssituasjonen innan kommunalsjefområdet.

Fokusområde gjennom året for leiargruppa har mellom anna vert:

- Tenesteutvikling
- Organisering av tenestene
- Harmonisering
- Økonomistyring

Til tross for ein krevjande situasjon har kommunalsjefsområdet mobilisert ressursar for å søkje om eksterne midlartil tenesteutvikling innan fleire området med positive tilsegn. Fleire prosjekt er knytt opp mot aktivitet og fellesskap og mål om å redusera einsemd i samband med pandemien. Det

har vært stor entusiasme og gjennomført spenstige tiltak for mange brukargrupper med vekt på dei eldre innbyggjarane.

I juni månad vedtok kommunestyret gjennomføringsplan for framtidige helse- og velferdstenester som gjeld i for dei neste ti åra, fram til 2030.



Planen skisserer mange innsatsar og tiltak som går på kapasitetsvekst innan heimetenester, fleire omsorgsbustader, oppbygging av fleire avlastingstenester, etableringa av aksjonssenter, o.a.

Gjennomføringsplanen for framtidige helse- og velferdstenester, saman med kunnskapsgrunnlaget frå samfunnssdelen i kommuneplanen har lagt til grunn når kommunen i november vedtok plan for Leve heile livet, ein plan som går fram til 2024.

Leve heile livet er ei kvalitetsreform som krev samhandling, styrking av kompetanse og heiltidskultur internt i kommunen på tvers av kommunalsjefområda. Reforma inspirerer til å ta i bruk nye arbeidsordningar, ny teknologi, nye metodar og nye løysingar. Den utfordrar kommunane til å organisera seg slik at det vert større kontinuitet i tenestetilbodet, med smidigare overgangar og færre å forhalda seg til for dei som mottek tenester.



Planen inneholder samla 43 tiltak. I tabellen under vert det synleggjort nokre av dei prosjekta kommunen har fått prosjektmidlar til å gjennomføra knytt til Leve heile livet:

Tilskotsordning	Etat/ Instans	Tilskot 2021
Eldre ut på middag	Statsforvaltaren i Vestland	300 000
Tiltakspakke, aktivitet til heimebuande eldre	Statsforvaltaren i Vestland	400 000
Tiltakspakke, aktivitet til institusjonsbeboarar	Statsforvaltaren i Vestland	1 200 000
Avlastningstiltak til personar med krevjande omsorgsoppgåver	Helsedirektoratet	750 000

Institusjonar og omsorgsbustader

Dei siste åra har vist at tal institusjonsplassar i kommunen er for lågt i høve behovet, noko som mellom anna har resultert i betaling til sjukehus for utskrivingsklare pasientar og redusert tilbod om korttid/avlastning til heimebuande pasientar.

Det vart difor tidleg i 2021 etablert 4 nye plasser ved Fjell sjukeheim og ein ytterlegare mellombels opptrapping med 4 plassar sommaren 2021. Vidare opptrapping i år som kjem følgjer av gjennomføringsplan for framtidige helse- og velferdstenester vist til innleiingsvis. I tillegg har det vært gjennomført ein moglegheitsstudie for ombygginga av ein fløy ved Tednebakkane omsorgssenter for å kunne gje tilbod til innbyggjarar med ekstra behov for skjerming og tilrettelegging.

Kartlegging av behov for omsorgsbustader for menneske med nedsett funksjonsevne/rus og psykisk helse har starta og vil bli arbeidd vidare med i 2022.

Øygarden kommune har samanlikna med andre kommunar hatt lite smitte ved institusjonar og omsorgsbustader tilrettelagt for heildøgns omsorg. Få pasientar ved institusjonane vart smitta i 2021, medan dei tilsette i aukande grad har blitt smitta og sjukefråværet har vært særskilt høgt. Det har medført ei krevjande drift, men som leiarar og tilsette har løyst på ei flott måte til beste for pasientane og i tett og godt samarbeid med dei pårørande.

Rus og psykisk helse

Trass eit år med pandemi og fleire restriksjonar i samfunnet har tenestene gått nesten som normalt.

Dagsenter og MO sentrar har vært ope 3 dagar i veka heile 2021, bortsett frå tre veker kor det var heilt stengt. Økonomisk støtte frå statsforvaltaren har gitt tilbod om gratis mat til brukarane i opningstida.

#aldrialene er eit prosjekt som omhandlar førebygging av sjølvmort. Øygarden samarbeider med Bergen og Bjørnefjorden kommunar og andre private aktørar i prosjektet. 2021 var første året med midlar frå statsforvaltaren. Hovudfokus førre år var å knuse myter om sjølvmort,- kor det mellom

anna vart gjennomført gaming - event for ungdom med opplysing om psykisk helse. I tillegg er det gjennomført ei undersøking/kartlegging om tema sjølvmord på Sotra VGS.

Øygarden har satt radikalisering på kartet og det er utdanna 6 mentorar frå ulike fagområde som barnevern, BUFD og rus og psykisk helse. Gruppa møtes jamleg og har starta å jobbe aktivt opp mot Radikaliseringskontakt Bergen Vest Politidistrikt, RVTS og Bergen Moske.

Øygarden kommune har søkt og fått tildelt midlar frå Bufdir for implementering av modell (RtyggEdt) for å førebygge, avdekke og handtere vald og overgrep mot sårbare grupper .

Rus og psykisk helse hadde i 2021 332 søkerar til ulike kurs t.d ; Meistring av depresjon, stress og belastning, Frisk pust, Søvn, Aksept for det som er med meir. Fleste av kursa vart gjennomført digitalt.

Tenestene har i mindre grad merka den omtalte nasjonale trenden om auke i sjukdomsbilete hos vaksne. Det har i tillegg vore særslit smitte blant denne brukargruppa.

Ein har sett at fleire barn og unge har hatt det vanskeleg under pandemien. Å vera isolert frå fysiske møteplassar med venar og fritidstilbod har for mange vore tøft. Mange familiar har tatt kontakt då dei har hatt behov for oppfølging og ulike avlastingstiltak.

Heimetenester


Heimetenestene har gjennom 2021 sett ei utvikling knytt til auke i tal vedtakstimar og meir ressurskrevjande brukarar. Behovet for hjelp etter Helse- og omsorgstenestelova har vært aukande dei siste åra utan at det er tilført auke i bemanning. Det er difor skissert ein opptrappingsplan for heimetenestene i gjennomføringsplanen for framtidige helse- og velferdstenester dei neste 5 åra.

Covid 19 har også gjort arbeidet ekstra utfordrande grunna gjennomgåande høgt sjukefråvær heile året. Det har periodevis vert naudsynt å utsetje/avlyse tenester innan praktisk bistand.

Samstundes har det vært arbeidd godt med å innføre nye system, mellom anna «Spider» som er eit verktøy for automatisering av digitale køyreruter. Av ulike årsaker er innføringa sett på vent til 2022. Soneinndeling og arbeidsflyt er tema som har vært på dagsordenen,- og det er semje om å arbeide vidare med revurdering av organiseringa i 2022.

Vedtakstid helsehjelp

Vedtakstid helsehjelp i heimen heimetenesta Øygarden Kommune



NAV og flyktingenestenesta

Arbeidsmarknaden

Frå januar 2021 til desember 2021 sank talet på heilt ledige med ca 50%, i desember viste oversikta 504 personar. Arbeidsmarknaden har vore i gradvis betring gjennom heile året og ved utgangen av året er man nesten tilbake til nivået før pandemien

Myndighetene sine tiltak for å kompensera for dei økonomiske verknadene av pandemien har medført at fleire har fått forlenga statlege ytingar og talet på sosialklientar har dermed halde seg stabilt i 2021. Det som skapar bekymring er at talet på langtidsledige har auka. Dei som sto langt frå arbeid før pandemien står lengre frå no. Vi ser at dei har utdatert eller mangefull kompetanse i forhold til arbeidsmarknadens behov. Dette er ei gruppe som krev tettar oppfylging for å komme seg i arbeid og aktivitet.

I 2021 ble det Tverrfaglege Ungdomsteamet i Øygarden Kommune etablert. I NAV er det ei satsing på å få ungdom i arbeid eller utdanning. Målet er å jobba meir førebyggande og heilskapleg enn tidlegare.

Via prosjektmidlar frå Helsedirektoratet har vi etablert et IPS jobbspesialist team som jobbar integrert med oppfølgingstenesta i Rus og Psykisk helseteneste. Målet er unge opp til 35 år som har moderat til alvorlege psykiske og/eller ruslidningar men som ynskjer å kome i løna arbeid. Prosjektet kan så langt vise til gode resultat,

Vi prøver ut ein ny metode for å følgje opp ungdom gruppe. I Øygarden Modellen er det viktig å styrke ungdommen sin relasjonelle kompetanse. Det er fokus på konkrete dilemma som ungdom står i og som er avgjerande for små og store val som må tas kvar dag. Metoden har så langt gitt veldig god effekt og positive tilbakemeldingar.

Mot slutten av året vart det gjennomført ei organisasjonsendring knytt opp til arbeidet med flyktninger. Dei seinaste åra har det kome svært frå flyktningar til landet og til kommunen. Det vart dermed ikkje sett på som berekraftig å oppretthalde ei eige eining til handtering av arbeid og oppgåver knytt til flyktningar. Flyktingenesta vart nedbemannata og oppgåver overført til NAV. Nokre tilsette frå eining flyktning følgde med tenestene inn i NAV, medan andre vart overført til andre oppgåver innanfor Helse – og velferd.

Menneske med nedsett funksjonsevne

Tenestene til utviklingshemma har stort sett hatt vanleg drift i 2021. Det har vore lite smittetrykk i tenestene.

Det har vært lagt stor vekt på å tilpasse tenestene til brukarane sitt behov. Men har av og til vanskar med å gje rett teneste til rett tid, då behovet for skreddarsaum er stort . Dette gjeld særleg tenester som fritidskontakt og avlasting. Det har dei to siste åra vært eit aukande behov for avlastningstiltak for born og unge.

I tillegg har kommunen utfordringar når det gjeld tilsyn etter skuletid for ungdomstrinnet.

Organisatorisk vart det endring våren 2021, då vi gjekk frå tre einingsleiarar til to einingsleiarar. Det er arbeidd aktivt med å harmonisere og organisering tenestene innan MMNF. Dette arbeidet held fram i lag med andre einingar i kommunen 2022.

Det er innrapportert 135 personar over 16 år med diagnosen psykisk utviklingshemming i 2021.

Helse, meistring og rehabilitering

For kommunal ergo- og fysioterapitenestene ser ein at meir av tilgjengelege resursar til eldre går til oppfølging av pasientar som er på korttidsopphald og det vert mindre tid til oppfølging av brukarar i eigen heim. Dette har medført lengre venteliste for dei som bur heime.

Deler av året har det grunna Covid og smittetiltak vært færre personar som har deltatt i gruppetreningstilbod i regi av Friskliv og meistring. og terapibassenget har vært periodevis stengt. Bruken av terapibassenget i opningstida har vært maksimalt utnytta på tilboda som Helse, meistring og rehabilitering har.

Det er framleis svært lang ventetid for å få behandling hjå terapeutar med driftsavtale, sjølv om det i 2021 vart auka med 1 driftsavtale.

Behovet for oppfølging av barn/unge er jamt stigande. Helse, meistring og rehabilitering har saman med helsestasjonstenesta fått midlar frå Helsedirektoratet for å auke fokus mot tverrfagleg førebyggjande tiltak i skulehelsetenesta.

Hjelpemiddellageret har stort utlånt av kommunale hjelpemiddel, likeins ser ein at det er auke i utlån/innlevering av hjelpemiddel som er formidla via NAV hjelpemiddelsentralen. Samla verdi for utlevering av hjelpemiddel frå NAV hjelpemiddelsentral i 2021 til personar som bur i Øygarden kommune er kr 24 167 869.

Legeteneste og legevakt

Også i 2021 har legetenesta vært prega av mange oppgåver knytt til pandemien. Gjennom året er det sett omlag 75.000 vaksinedosar. Vaksineringa er gjennomført på fleire arena, mellom anna hjå fastlege, kommunalt vaksinasjonsteam vaksinering heime i regi av heimetenesta og vaksinering på institusjon. I tillegg kjem massevaksinering i Sotra Arena og i bedrifter.

Koronatelefon og smittesporingsteamet har vært operativ hele 2021- og det er tatt PCR test på mellom 100-200 personar dagleg, 7 dagar i veka. Til saman har 150 personar arbeidd med å gjennomføre arbeidet knytt til testing, vaksinering, smittesporing m.v, og det er gitt uvurderleg hjel

frå pensionistar og andre personar som har meldt seg til teneste. I tillegg har kommunen sine eigne tilsette gjort ei ekstra stor innsats i gjennomføringa av dette arbeidet, både innan eigedom, service og IKT for å nemne nokre utanom Helse og velferd.

Arbeidsmiljømessige konsekvensar i 2021

Helse og velferd har i tillegg til vanleg drift opplevd eit krevjande år innan alle tenesteområde knytt til Covid 19. Einingane hadde i utgangspunktet eit stramt budsjett å forholda seg til i 2021, og i tillegg kom det krav om stillingsstopp og redusert inntak av vikarar gjennom hausten. Særskilt er det institusjonstenester og heimebaserte tenester som har merka stor meirbelasting på personell, grunna at det i periodar har vært mange tilsette som har vært sjuke eller i karantene. Belasting på øvreg personell har vært stor med mykje overtid og behov for vikarar, noko som igjen fører til auka belasting for faste tilsette.

Men alle har bidratt med stor fleksibilitet, engasjement og samvitsfull arbeidsinnsats til det beste for innbyggjarar og kvarandre!

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %	
	2020	2021	2021			
3000-Kommunalsjef helse og velferd	44 387	34 444	49 295	-14 851	-43,1 %	
3110-Heimetenesta sone sør	28 270	30 780	32 418	-1 638	-5,3 %	
3120-Heimetenesta sone nord	38 761	45 547	42 877	2 670	5,9 %	
3130-Heimetenesta sone Straume	32 104	36 012	41 525	-5 513	-15,3 %	
3210-Teneste til menneske med utviklingshemming sone sør	32 656	22 786	21 350	1 436	6,3 %	
3220-Teneste til menneske med utviklingshemming sone nord	19 979	23 614	24 338	-723	-3,1 %	
3230-Teneste til menneske med utviklingshemming sone Straume	42 417	69 010	63 101	5 910	8,6 %	
3310-Rus og psykisk helse sone sør	11 734	15 419	12 890	2 529	16,4 %	
3320-Rus og psykisk helse sone nord	13 657	15 095	14 455	640	4,2 %	
3330-Rus og psykisk helse sone Straume	36 574	42 277	39 611	2 665	6,3 %	
3410-Flyktningtenesta	14 534	17 930	13 779	4 150	23,1 %	
3510-NAV	75 043	68 801	70 599	-1 797	-2,6 %	
3610-Fjell sjukeheim	40 791	41 747	50 191	-8 444	-20,2 %	
3620-Tednebakkane omsorgssenter ink dagsenter og omsorgsbustad	47 407	48 346	50 410	-2 064	-4,3 %	
3630-Sundheimen ink dagsenter og omsorgsbustad	36 702	38 746	38 970	-224	-0,6 %	
3640-Kvednatunet ink dagsenter	44 943	48 982	46 521	2 461	5,0 %	
3650-Straume bu- og servicesenter ink dagsenter og omsorgsbustad	29 647	36 153	36 266	-113	-0,3 %	
3710-Lokalmedisinsk senter – aksjonssenter	33 869	38 672	37 627	1 045	2,7 %	
3720-Legetenesta ink legevakt og kommunelege	94 166	130 268	123 907	6 361	4,9 %	
3730-Helse- meistring og rehabilitering	20 508	28 837	22 778	6 059	21,0 %	
Sum	738 148	833 467	832 908	558	0,1 %	

Kommentar til status økonomi

Helse og velferd har samla eit positivt resultat i 2021 med omlag kr 0,5 mill. Positivt avvik er i hovudsak knytt til meirinntekt refusjon sjukefråvær i høve opprinneleg budsjett, og at det tidvis ikkje er tatt inn vikar. Nokre stillingar har også stått mellombels vakant gjennom året grunna tilsetjingsstopp. Dette gjeld ikkje stillingar innan pleie og omsorg.

Utgifter i samband med Covid 19 er i stor grad refundert frå staten.

Øygarden kommune har betalt omlag kr 3,5 mill for utskrivingsklare pasientar i 2021. Dette er utgifter som det ikkje er budsjettert for. Redusert vikarinntak og innsparing på andre område bidrar til å dekke opp for negativt resultat.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2021	Avvik i kr
Løn	718 950	727 483	823 382	823 066	316
Refusjon løn	-40 256	-21 477	-44 511	-41 796	-2 715
Sum Løn	678 694	706 006	778 871	781 270	-2 399
Kjøp av varer og tenester	141 848	122 931	140 074	158 872	-18 798
Overføringer	64 433	53 154	55 130	59 725	-4 595
Finansutgifter	6 560	0	0	3 004	-3 004
Sum Utgifter	212 841	176 085	195 204	221 601	-26 397
Salsinntekter	-47 071	-40 536	-40 536	-45 796	5 260
Refusjonar	-97 917	-103 265	-93 761	-116 395	22 634
Overføringsinntekter	-2 850	0	0	-1 149	1 149
Finansinntekter	-5 549	0	-6 311	-6 623	312
Sum Inntekter	-153 387	-143 801	-140 608	-169 962	29 354
Netto resultat	738 148	738 290	833 467	832 908	558

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Øygarden 2020	Øygarden 2021	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B)	595	1 398	26	1 092	778	556	609
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over (B)	479 730	499 914	572 023	560 615	521 405	439 027	478 283
Produktivitet							
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	51 067	48 179	46 956	46 193	49 694	54 664	51 573
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B)	1 600 909	1 680 089	1 517 885	1 601 961	1 515 723	1 514 393	1 426 618

Dekningsgrad							
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon (B)	9,5 %	9,3 %	9,7 %	14,0 %	10,7 %	10,4 %	10,9 %
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	50,6 %	46,4 %	37,8 %	44,9 %	49,2 %	40,0 %	36,1 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år (B)	4,4 %	3,9 %	2,9 %	3,8 %	3,1 %	4,0 %	3,7 %
Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)	7,1	6,7	6,0	5,7	5,7	6,4	6,3
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	5,8	5,8	9,2	7,2	5,5	7,5	7,7
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	9,1	9,0	9,0	7,3	7,5	9,0	9,5
Økonomi							
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Kommunehelse	4 107	5 152	4 291	3 480	3 533	5 682	4 537

Tilbod til personar med rusproblem: Øygarden kommune har netto driftsutgifter på kr 1 398 når det gjeld tilbod til personar med rusproblem per innbyggjar 20-66 år. Dette er meir enn dobbelt så mykje som gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Institusjonsplassar: Korrigerte brutto driftsutgifter per institusjonsplass er på kr 1,68 mill og er høgare enn gjennomsnittet i Kostra-gruppe 10 og landsgjennomsnittet. På den andre sida er andel innbyggjarar over 80 år som er bebuarar på institusjon lågare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Sosialhjelp: Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp per mottakar er kr 48 179 i Øygarden kommune, noko som er lågare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Andel mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde er 46,4%. Dette er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Gjennomsnittleg stønadslengde er 6,7 mot eit gjennomsnitt i gruppe 10 på 6,4 og eit landsgjennomsnitt på 6,3.

Kommunehelse: Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunehelse per innbyggjar er kr 5 152 i Øygarden kommune mot eit gjennomsnitt i gruppe 10 på kr 5 682 og eit landsgjennomsnitt på kr 4 537. Det er 9 legeårsværk per 10 000 innbyggjarar i Øygarden kommune. Dette er likt som i gruppe 10 og mindre enn landsgjennomsnittet. Det er 5,8 fysioterapiårsværk per 10 000 innbyggjarar, noko som er mindre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Oppvekst



Beskriving av tenesteområde

Kommunalsjefområde Oppvekst består av barnehage, grunnskule, vaksenopplæring, Barn unge og familietenester (BUFT), Pedagogisk psykologisk teste (PPT) og barnevern.

Viktige hendingar

1. Vidare harmonisering av tenester
2. Utvikling av nye handlingsplanar og rutiner, til dømes handlingsplanar ved trugslar og vald i skule og barnehage
3. Vidare arbeid med Fagfornyinga og digitalisering i skule
4. Spildepollen barnehage opna og erstatta Telavåg og Glesnes som vart lagt ned.
5. Samanslåing av einingane Leirstaden barnehage og Tussetjødna barnehage, til Leirstaden barnehage
6. Vedtak om nedlegging av Blomvåg skule
7. Vedtak om nedlegging av Bildøy barnehage
8. Svingen barnehage vart avvikla i november og dei siste to avdelingane går til Liljevatnet barnehage.
9. Pilotering av endring av den spesialpedagogiske organiseringa i barnehage. Spesialpedagogar vart tilsette i einingar og ikkje sentralt i PPT
10. Sluttpakker gjev nedtrekk på 29 årsverk i tenestene i 2021. Øvrige 10 frå skuleåret 22/23
11. Betre tverrfagleg Innsats (BTI) er arbeidd vidare med for å få implementere i Oppvekst og Helse og velferd. Det skal sikre betre kvalitet og koordinering for barn og familiar med behov for fleire velferdstenester
12. Barnevernsreformen 2022, ofte kalla Oppvekstreformen. Staten pålegg kommunen fleire tidlege innsatsar og tiltak knytt til at barn og unge skal kunne bu heime eller lokalt i eigen kommune. Fleire nye tilsette som skal ta oppgåver vi før har kjøpt, samt til førebygging av plassering i eksterne tilbod for barn og unge

Korona har prega 2021. Digital trening og utforsking av nye arbeidsformer har det vore også i 2021. Mykje korttidsfråvær på grunn av lav terskel for karantene. Det er også i 2021 stress og engstelse for eiga helse og det å kunne smitte andre. Mange vaksne i kontakt med barn og unge

opplever det krevjande å måtte utsette seg for smitte frå barn og elevar, utan særleg høve til å kunne verne seg.


Det har også vore svært krevjande for leiarar fordi det var kort tid frå nye instruksjonar til forventa levering, samt stadige logistikkutfordringar grunna mykje fråvær. Det var også utfordrande å leie når tilsette er redde/urolege og ikkje opplever at dei nasjonale retningslinjene tok nok i vare deira profesjonar.

Det har vore utfordrande å få nok vikarar i alle tenester i 2021. Nokre yrkesgrupper er særleg vanskeleg å rekruttere. For oppvekst er det helst helsejukepleiarar, psykologar og logopedar.

Oppvekst har hatt utfordringar knytt til gode nok budsjetteringsprosessar og rette budsjett, kontrollerstøtte og god økonomistyring. Dette i tillegg til auka behov for ressursar knytt til vedtak om spesialundervisning/ spesialpedagogisk støtte/ tilretteleggingsstøtte, samt auka barnevernsplasseringar og kostbare tiltak, gjev det eit svært utfordrande 2021. Budsjettkvalitet, kontrollerstøtte og økonomistyring er viktig fokus vidare.

Ein del av tenestene som aukar behov for i 2021, er av ein art som kommunen er plikta å gje til barn og unge. Det vert arbeidd aktivt med å utvikle kompetanse og kapasitet til å få til meir inkludering og tilpassingar innom det allmenne i skule og barnehage. Slik er målet å gje god og betre kvalitet, men å få samstundes ta ned talet på enkeltvedtak både i skule og barnehage.

Samstundes viser det seg dessverre, både nasjonalt og også lokalt, at det er meir utagering og meir skulevegring i - og post-korona.



Begge problemstillingane er komplekse og ofte ressurskrevjande å avhjelpe. Dette vert det arbeidd aktivt med av alle einingar, og rutiner og prosjekt startar i retning av desse to hovudutfordringane. Mellom anna vert det satsa på «landsbymetoden» i Barn unge og familietenesta (BUFT), som tidleg skal bistå med å finne styrkar og ressursar i familiane sine nettverk. Det er utarbeidd handlingsplan mot vald og trugslar både i barnehage og skule og opplæring vert gjeve tilsette.

Leiarar og tilsette har, også i desse tilhøva, gjort ein formidabel jobb! Tenestene og fellesskapet har utvikla seg, sjølv om stabilitet og forutsigbarheit har vore dårleg.

Skule

Skulane rapporterer om at skuleåret 2020-2021 har vore krevjande og prega av pandemien, men at personalet har strekt seg langt for å ivareta elevane. Det har blitt brukt mykje tid på smittevern, forsvarleg drift og heimeskule i periodar, men skulane kan likevel vise til arbeid med utvikling og implementering.

Alle skulane har fått auka kompetanse og erfaring med digital undervisning på ulike plattformar. Dei har og mellom anna jobba med implementering av Fagfornyinga, Språkommune, og Læringsmiljøprosjektet, BTI (Betre Tidleg Innsats) i tillegg til ulike lokale satsingar.

Talet på elevar, som har vore stigande dei seinaste åra, fortsett å stige, medan talet på lærarar vart ytterleg redusert dette skuleåret. Det er fleire elevar per lærar på 1.-4. trinn og 5.-7. trinn i skulane i Øygarden enn i fylket og snittet for resten av landet. På 8.-10. trinn ligg kommunen tilnærma likt med fylket og litt under landsgjennomsnittet. Dette kan tyde på at skulane i Øygarden kommune vert drifta effektivt med omsyn til lærarressurs til ordinær undervisning.

Enkelte studiar viser svak positiv effekt av auka lærartettleik for læringsutbyte hjå elevar frå lågare sosiøkonomiske tilhøve. Det vil seie at ein kan forvente at auka lærartettleik betyr meir i ein kommune der utdanningsnivået i foreldregruppa er låg, noko som er gjeldande for Øygarden kommune. Med den økonomiske situasjonen som er i kommunen og oppvekst særleg, vil dette trekket ved utviklinga vere viktig å halde auge med framover, då dei fleste utgiftene ein kan spare på i Oppvekst er lønsutgifter mellom anna til lærarar.

Vidareutdanning

44 lærarar fekk tilbod om vidareutdanning. Basisfag og undervisningsfag vart prioritert foran lokale behov, rettleiing og spes.ped. Fast tilsette som ikkje har teke vidareutdanning, vart prioritert. To rektorar fekk tilbod om rektorskulen.

Når det gjeld satsingar og resultat av t.d. nasjonale prøvar, eksamensresultat, læringsmiljø, vert det vis til årleg tilstandsrapport til kommunestyret om hausten, i etterkant av kvart skuleåret.

Barnehage

Barnehagane rapporterer om at barnehageåret 2020-2021 har vore krevjande og prega av pandemien, spesielt det siste halve året. Personalet har strekt seg langt for å ivareta barna og familiene, og samstundes halde god drift med høg kvalitet. Lite tilgong på vikarer og svært høgt fråvær har prega siste halvår.

Ein dobling i tilmeldingar og vedtak på §37, tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne, samt mange vedtak på §31, rett til spesialpedagogisk hjelp. Fleir born med store og komplekse hjelpebehov aukar krav til samhandling og fleksibilitet. Utfordrande å halde tida for sakshandsaming og skaffe nok kvalifisert personale. Nye rutinar og betre vedtak vart laga i samarbeid med Statsforvaltar.

I tråd med bla ekspertutvalget (Nordahl) og St. meld 6, tett på- tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og sfo, vert det jobba med å bygje opp interne støttesystem og styrke arbeid i grøn sone. Fokus og trua på at betre kvalitet i det allmennpedagogiske, vil være god spesialpedagogisk hjelp. 9 barnehagar (privat og kommunal) prøver ut eit pilot prosjekt etter modell og samarbeid med Færder kommune. Spesialpedagogar flyttast ut i barnehagane og dei har ma. auka fokus på inkludering av barn med spes. behov og jobbe førebyggjande i det grøne feltet. Rett og auka kompetanse, nær barna med fokus på førebygging og tidleg innsats.

Det er starta ei prosess med implementering av BTI, betre tverrfagleg innsats, som ei satsing i ØK og eit verktøy inn i arbeid i grøn sone. Auka fokus her i 2022.

Barnehagane digitaliserar og har bla. starta med Visma Ressursstyring både for leiar og tilsette. Det har vore gjennomført kursing og opplæring i ulike system til tross for ei krevjande tid.

Arbeid med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er også starta, deltakare frå barnehage er involvert i prosjektet, samarbeid med HVL, PPT, skule med fleire.

Stranda, Knappskog og Bjørøy barnehage deltek i 2021-2022 i Rekomp, Regjeringa si regionale ordning for kompetanseutvikling i barnehage. Ordninga skal sikre alle barn eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet og barnehagane har her eit samarbeid med NLA.

PPT

23 stillingar, logopedar, psykologar og rådgjevarar.

PPT er ein viktig og sentral samhandlar og støtte og systemutviklar innom oppvekst. Tilsette deltek, leiar og bidrar i dei fleste av nettverka og utviklingsarbeida som vert drifta i oppvekst.

Spesialpedagogane i barnehage, organisatorisk plasser i PPT, 6 av dei har ein ved omorganisering flytta til ulike kommunale barnehagar i samband med pilotprosjekt; «Fokus på arbeid i grøn sone». Om lag 14 stillingar er framleis igjen i PPT. Dei har oppgåver knytt til I private barnehagar, både dei som er med i prosjektet og dei som ikkje er med. Dei har oppgåver i ulike barnehagar, som er tildelt spesialpedagogiske støtte.

Det blir jobba vidare med pilotprosjekt etter modell frå Færder. Dvs at den spesialpedagogiske ressursen blir flytta ut i barnehagen og skal jobbe mot heile barnegruppa når det er mogleg. Økologisk tilnærming med utgangspunkt i det beste for barnet – å være mest mogleg ein del av gruppa.

Drift i covid år – som andre einingar har vi hatt ein del sjukefråver, samt ikkje kunna gjennomføra heile drifta som vanleg pga risiko med smitteoverføring/smittevern.

Omorganisering frå 4 til meir robuste 2 soner frå hausten 2021 etter evaluering.

PPT har stort fokus mot BTI, og jobbar gjennom kontaktmøte ute i einingane, samstundes som det må balanserast mot stor tilmelding på einskildsaker.

Vaksenopplæringa

Opplæringstilbodet for vaksne har i stor grad vore organisert som normalt dette året, til trass for koronaepidemien. Vi har hatt ein del sjukefråvær, både i deltakargruppene og blant dei tilsette, men har stort sett løyst dette med å slå saman grupper eller gje digital heimeundervisning over kortare periodar. I samarbeid med flyktingtenesta og BUFT har vi brukt mykje tid på informasjonsarbeid på mange språk, samt tilbod om vaksinering her på huset, noko som har trygga storparten av deltakarane til å vaksinere seg.

I tillegg til grunnskule for vaksne og spesialundervisning for vaksne etter sjukdom og skade, er hovudoppgåvene våre opplæring i norsk og samfunnskunnskap for minoritetsspråklege vaksne etter Introduksjons-/Integreringslova. Vi jobbar på tvers av tenestene for integrering, kvalifisering og rådgjeving knytt til utdanning og arbeid. Alle deltakarane våre har individuelle planar der læringsprogresjon vert evaluert etter kortsiktige og langsiktige mål. Vi har ansvar for prøveavvikling, informasjon og saksbehandling av lovverk knytt til dokumentasjonskrav ved søknader om permanent ophaldsløyve, Statsborgerskap m.m. I det digitale fag-/saksbehandlingsystemet vårt, er det registrert eitt eller fleire einskildvedtak knytt til 419 personar i 2021.

I løpet av det same kalenderåret har 264 einskildelevar (medrekna i talet på 419 over) fått opplæring hjå oss, storparten på heiltid. Vi har 17,4 årsverk, der 15 av desse er reine undervisningsstillingar. Dei tilsette har alle godkjent lærarutdanning og vi krev i tillegg etterutdanning i norsk som andrespråk. Det har vore lite tilgang på arbeidspraksisplassar under epidemien, og ein del vaksne med svake norskkunnskapar har mista jobben. Vi samarbeider difor tett med NAV om å styrke norskkompetansen deira, og dermed rekvalifisere desse deltakarane att.

Vaksenopplæringa er særskilt opptatt av «den raude tråden» i dei kommunale tenestene knytt til minoritetsspråklege familiar, og driv difor fleire samhandlingsnettverk internt, eksternt og med Fylkeskommunen.

Barnevern

Barneverntenesta har i 2021 har mykje fokus på å forberede eigen tenestestad og kommunen generelt på Barnevernreformen 2022. Det vart ansett 5 rettleiarar til oppgåver knytt til barn som bur i fosterheim. Desse er organiserte i tenesta til avdelinga Familie og rettleiing (FOR) i eininga Barn unge og familetenesta (BUFT). Dette for å sikre tverrfagleg samhandling o områder som tidlegare har vore meir sett på som barnevernet sine oppgåver.

Det er også tilsett fire barnevernkonsulenter som skal arbeide i ei nyoppretta Barnevernvakt for Askøy og Øygarden kommune, med oppstart frå 01.04.2022. Som ein del av arbeidet med barnevernsreformen, og det arbeidet med å førebyggje at fleire barn og unge må plasserast i tiltak utanfor kommunen, er det også tilsett 4 miljørettleiarar som skal erstatte noko av kjøpet av eksterne tenester frå 2022.

Barneverntenesta har ansvar for EM tiltak (buseting av einslege minderårige ungdom). I 2021 har vi vore gjennom ein omorganisering knytt til ressursutnytting i dette tilbodet, då talet på bebuarar har vore lågare.

Barneverntenesta har i 2021 hatt stort fokus på arbeidsmiljø og kvalitetssikring av arbeidet som vert utført i tenesta. Det er også gjennomført brukarundersøkingar kring ulike tema.

Barn, unge og familietenester (BUFT)

Barn, unge og familietenester har arbeidd for å oppretthalde vanleg drift, harmonisere, vidareutvikle og betre tilbodet til brukarane i 2021. Pandemi og rekrutteringsvanskjer for nokre faggrupper har ført til redusert tilbod og ein del ombestilling av timer i periodar av året. Eininga har også omdisponert tilsette til arbeid med smittesporing når det har vore trond for dette. For å sikre tilbodet til dei minste og mest sårbarar har ein sett ein del av prosjektarbeida på vent i periodar.

Helsejukepleiarar har fått overført kompetanse i undervisning om kropp og grenser frå Senter mot incest og seksuelle overgrep (NOK). Med dette overtar helsejukepleiarane den førebyggjande undervisninga for alle 6. klassane i kommunen.

Flyktninghelsetenesta er flytta inn i same bygg som voksenopplæringa. Eininga har høg kompetanse innan migrasjonshelse og tverrfagleg samarbeid.

Det har vore ei auke i kurstilbodet til alle brukarar i 2021. Alle faggrupper i eininga samarbeider om foreldrestøttande tiltak og kurs.

Familie- og rettleiingssenteret (FOR) har som hovudmål å styrke dei vaksne kring barna. Dei tilbyr ulike kurs til foreldre og tilsette i barnehage og skule. Familieterapeutar har gjeve familierettleiing, parterapi og bidrige til konfliktløysing i familiar. Oppstart av to prosjekt med Familieråd som metode. Som ein del av barnevernsreforma er det starta opp eit rettleiarteam kring barn i fosterheim, som skal rettleie på alle arena der barnet er (Landsbytanken).

Implementering av BTI (betre tverrfagleg innsats) i tenestene held fram, og det er planlagt opplæring til barnehage og skule i 2022. Skolehelsetenesta, Kommunepsykologar, Ungdomslos og SLT-koordinator rapporterer om mange unge som har utfordringar når det gjeld psykisk helse og skulevegring. Det er søkt midlar knytt til arbeid med skulevegringsproblematikk.

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap		Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021		
4000-Kommunalsjef oppvekst	28 501	6 145	20 494	-14 349 -233,5 %
4110-Bildøy barnehage	7 497	5 173	6 694	-1 521 -29,4 %
4111-Bjørøy barnehage	8 131	9 708	9 464	244 2,5 %
4112-Breivik barnehage	-1	0	0	0,0 %
4113-Glesnes barnehage	6 793	1 287	3 144	-1 857 -144,3 %
4114-Hamramyra barnehage	12 539	14 473	15 838	-1 365 -9,4 %

Beløp i 1000

Ansvar

	Rekneskap	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %	
	2020	2021	2021			
4115-Knappskog barnehage	10 833	11 264	11 073	191	1,7 %	
4116-Klokkarvik barnehage	12 339	13 674	12 412	1 262	9,2 %	
4117-Leirstaden barnehage	10 965	13 386	12 465	921	6,9 %	
4118-Marihøna barnehage	7 732	8 177	8 395	-218	-2,7 %	
4119-Skogsvåg barnehage	12 444	13 886	13 200	686	4,9 %	
4120-Stranda barnehage	13 146	13 839	14 668	-829	-6,0 %	
4121-Straume barnehage	5 673	5 881	5 900	-19	-0,3 %	
4122-Svingen barnehage	9	0	0	0	0,0 %	
4123-Telavåg barnehage	5 534	2 517	2 644	-126	-5,0 %	
4124-Terna barnehage	13 800	12 468	14 708	-2 240	-18,0 %	
4126-Tussetjødna barnehage	7 716	7 055	7 826	-772	-10,9 %	
4127-Ulveseth barnehage	5 028	5 377	6 584	-1 206	-22,4 %	
4128-Ågotnes barnehage	9 698	10 110	11 408	-1 298	-12,8 %	
4129-Liljevatnet barnehage	14 084	15 576	15 834	-258	-1,7 %	
4130-Spildepollen barnehage	0	9 369	8 223	1 146	12,2 %	
4210-Bjørøy skule	11 766	12 384	13 179	-795	-6,4 %	
4211-Blomvåg skule	10 173	10 836	10 811	25	0,2 %	
4212-Brattholmen skule	26 735	29 068	29 932	-864	-3,0 %	
4213-Foldnes skule	24 135	25 842	25 756	86	0,3 %	
4214-Hjelteryggen skule	26 336	26 181	24 956	1 224	4,7 %	
4215-Knappskog skule	21 874	27 191	27 813	-622	-2,3 %	
4216-Kolltveit skule	26 911	25 196	28 261	-3 065	-12,2 %	
4217-Landro skule	23 097	25 003	27 047	-2 043	-8,2 %	
4218-Rong skule	13 651	13 235	13 379	-144	-1,1 %	
4219-Skogsvåg skule	25 732	25 389	26 236	-847	-3,3 %	
4220-Skålevik skule	12 258	13 554	13 393	161	1,2 %	
4221-Spildepollen skule	18 688	20 253	19 494	759	3,7 %	
4222-Stranda skule	33 242	34 729	38 354	-3 625	-10,4 %	
4223-Tjeldstø skule	11 424	12 010	11 848	162	1,3 %	
4224-Toftøy skule	16 697	14 302	16 068	-1 766	-12,3 %	
4225-Ulveset skule	20 024	22 277	22 248	30	0,1 %	
4226-Ågotnes skule	28 864	30 444	33 411	-2 967	-9,7 %	
4310-Fjell ungdomsskule	47 924	52 517	53 172	-655	-1,2 %	
4311-Sund ungdomsskule	30 349	33 315	35 145	-1 830	-5,5 %	
4312-Tranevågen ungdomsskule	46 878	49 657	50 960	-1 303	-2,6 %	
4313-Øygarden ungdomsskule	23 548	25 426	25 216	210	0,8 %	
4320-Gangstø ressurssenter	11 782	9 510	11 106	-1 595	-16,8 %	
4330-Vaksenopplæringa	7 475	7 591	6 587	1 003	13,2 %	
4410-Barn, unge og familietenester (BUFT)	32 046	45 484	42 817	2 667	5,9 %	
4411-PPT	30 369	32 773	28 825	3 947	12,0 %	
4412-Barnevern	107 088	81 031	106 994	-25 962	-32,0 %	

Beløp i 1000

Ansvar

Rekneskap Rev. bud. Rekneskap Avvik i kr Avvik i %

2020 2021 2021

Sum

881 527 884 564 943 979 -59 415

-6,7 %



Kommentar til status økonomi

Oppvekst har eit samla meirforbruk på kr 59,4 mill. Det er ei stor utfordring knytt til det spesialpedagogiske området både i barnehage og skule. Dette er eit aukande behov i 2021 og også framover.

Barnehage

Barnehagane har eit samla meirforbruk på kr 7,3 mill. Det har vore stort fråvær og stort vikarbehov i barnehagane 2021. Foreldrebetalinga er kr 4 mill lågare enn budsjettert.

Skular og vaksenopplæringa

Skulane inkl. vaksenopplæringa har eit samla meirforbruk på kr 18,4 mill. Det har vore høgre utgifter knytt til barn og unge med særskilte behov enn budsjettert. I tillegg har det vore stort fråvær og vikarbehov. Foreldrebetaling SFO er kr 2,8 mill lågare enn budsjettert. Mellombels erstatta årsverk knytt til sluttspakkar utgjer om lag kr 10 mill for skuleåret 2021-2022 og om lag kr 6 mill i 2021.

Barnevern

Barnevern har eit meirforbruk på kr 26 mill i 2021. Meirforbruket er knytt til utgifter til fosterheimar, støttekontaktar og kjøpte tenester.

PPT

Mindreforbruk på kr 4 mill. Mindreforbruket skuldast vakansar/ rekrutteringsutfordringar knytt til fleire typar stillingar.

Barn, unge og familietenester (BUFT)

Mindreforbruk kr 2,7 mill. Det har vore utfordringar med å rekruttera nye medarbeidarar. Prosjekter der det er motteke prosjektmidlar er gjennomført med eigne tilsette.

Kommunalsjef oppvekst

Meirforbruk kr 14,3 mill. Meirforbruket er hovudsakleg knytt til støtte og spesialpedagogisk hjelpe i private og kommunale barnehagar og spesialundervisning privatskule. Det er høgre utgifter til datalisensar og avtalar enn budsjettert.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2021	Avvik i kr
Løn	932 079	884 524	954 044	1 002 157	-48 113
Refusjon løn	-57 373	-24 444	-51 260	-55 686	4 427
Sum Løn	874 706	860 080	902 784	946 471	-43 686
Kjøp av varer og tenester	102 065	95 664	104 113	95 806	8 307
Overføringer	19 140	15 576	15 406	39 544	-24 138
Finansutgifter	2 142	0	1 863	7 648	-5 785
Sum Utgifter	123 347	111 240	121 382	142 997	-21 615
Salsinntekter	-50 696	-68 293	-65 835	-57 442	-8 393
Refusjonar	-42 106	-62 729	-72 863	-81 254	8 392
Overføringsinntekter	-21 971	-696	0	-5 508	5 508
Finansinntekter	-1 753	0	-905	-1 284	379
Sum Inntekter	-116 526	-131 718	-139 603	-145 489	5 886
Netto resultat	881 527	839 602	884 564	943 979	-59 415

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Øygarden 2020	Øygarden 2021	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (213) Voksenopplæring (B)	481	544	442	660	451	549	579
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B)	8 857	9 298	11 432	13 613	9 316	12 854	13 401
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B)	10 382	10 212	12 284	10 711	9 702	10 054	10 738
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B)	172 355	189 053	187 971	194 050	176 569	176 678	181 538
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B)	95 887	100 908	105 129	93 499	91 270	96 748	99 407
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B)	7 238	8 347	5 637	9 273	2 482	5 273	6 838
Produktivitet							
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager (B)	5,6	5,8	5,7	5,5	5,8	5,8	5,6
Driftsutgifter til undervisningsmateriell (202), per elev i grunnskolen (B)	1 112	1 208	2 258	1 087	1 710	1 613	1 826
Dekningsgrad							
Andel barn 1-5 år med barnehageplass (B)	92,5 %	92,6 %	96,0 %	98,4 %	92,3 %	93,7 %	93,6 %

Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-22 år (B)	4,2 %						
Andel barn med tiltak som er plassert (funksjon 252) ift. ant innbyggere 0-17 år (B)	1,5 %						
Andel barn med tiltak som ikke er plassert (funksjon 251) ift. ant. innbyggere 0-17 år per 31.12. (B)	2,0 %	1,6 %	1,8 %	2,7 %	1,3 %	1,7 %	1,8 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	9,6 %	11,0 %	9,7 %	7,0 %	6,7 %	8,1 %	7,9 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO (B)	58,1 %	62,9 %	49,3 %	58,2 %	47,3 %	57,2 %	57,4 %
Kvalitet							
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,0	4,0	4,0	4,3	4,1		
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	12,7	13,1	12,1	13,6	13,4	13,5	12,7
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	48,0	49,0	48,0	49,0	49,0		
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	49,0	50,0	48,0	48,0	51,0		
Grunnlagsdata (Nivå 3)							
Helsesøster avt. årv. i helset- og skolehelsetj. per 10 000 innbyggere 0-20 år (årv.)	28,6	28,7	23,3	36,8	15,4	25,2	23,9

Vaksenopplæring: Korrigerte brutto driftsutgifter til vaksenopplæring per innbyggjar er lågare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Helsestasjons- og skulehelseteneste: Øygarden kommune bruker kr 9 298 per innbyggjar 0-5 år til helsestasjons- og skulehelseteneste. Dette er lågare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Det er fleire helsejukepleiarar per 10 000 innbyggjarar 0-20 år en i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Barnevernsteneste: Netto driftsutgifter til barnevernsteneste per innbyggjar 0-17 år er kr 10 212. Dette er høgre enn gjennomsnittet i gruppe 10, men lågare enn landsgjennomsnittet.

Barnehage: Netto driftsutgifter til barnehage per innbyggjar 1-5 år er kr 189 053 i Øygarden kommune. Øygarden kommune drifter barnehagane sine dyrare enn både gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Samtidig er det ein lågare andel barn som har barnehageplass enn i gruppe 10 og på landsbasis.

Grunnskule: Netto driftsutgifter til grunnskule per innbyggjar 6-15 år er kr 100 908. Dette er høgre enn både gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Når det gjeld spesialundervisning er det 11% av elevane i grunnskulen i Øygarden som har spesialundervisning. Til samanlikning er det 8,1% av elevane i gruppe 10 som har spesialundervisning og 7,9% på landsbasis som har spesialundervisning. Andel elevar med spesialundervisning har auka frå 2020 til 2021.

SFO: Netto driftsutgifter til skulefritidstilbod per innbyggjar 6-9 år. Dette er over samanliknbare kommunar i gruppe 10 og landsgjennomsnittet

Kultur og samfunn



Beskriving av tenesteområde

Kommunalsjefområde Kultur og samfunn har det overordna ansvaret for å sikre ei berekraftig samfunns- og tettstadsutvikling. Viktige verktøy i dette arbeidet er planstrategi og kommuneplan. Området legg og føringar for arbeid med areal- og transportplanlegging, stadutvikling, klima, miljø og folkehelse. Gjennom tilrettelegging for samarbeid med innbyggjarar, frivillig sektor, lags- og organisasjonsliv vert det opna for medansvar i samfunnsutviklinga. Tenestene skal medverke til aktivitet, samskaping og livslang læring. Området har og ansvar for kulturskule, frivillighet, kulturarv og det å støtte opp under eit variert kunst og kulturliv og ein inkluderande idrett.

Mange tenester og oppgåver har overlappande ansvar med andre einingar både innan kommunalsjefområdet og mot andre område. For å lukkast med å utvikle best moglege tenester, vil vi arbeide for å identifisere, koordinere og samordne desse oppgåvene.

I kommunalsjefområde Kultur og samfunn ligg følgjande 5 einingar:

- Plan, geodata og oppmåling
- Byggesak, tilsyn og miljøforvaltning
- Eigedom, drift og vedlikehald
- Kultur
- Reinhald

Viktige hendingar

Samfunnssdelen til kommuneplanen

Utarbeidingsa av samfunnssdelen til kommuneplanen har vore eit viktig arbeidet for å samla øygardssamfunnet og kommuneorganisasjonen om korleis vi skal utvikla Øygarden framover. Avdeling for areal og samfunnsplan har hatt prosjektleatingsansvar for samfunnssdelen, og arbeidet har sett preg på året som har gått. Avdelinga har hatt ansvar for å leia og koordinera tverrfaglege arbeidsgrupper med deltaking både frå tilsette i organisasjonen, rådsmedlem og folkevalde. Det er gjennomført fleire digitale medverknadsmøter med innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjoner, samt andre viktige aktørar. Funn frå medverknadsarbeidet er analysert, og trekt fram i eit eige drøftingsgrunnlag. Det er også utarbeida analysar og vurderingar av befolkningsprognosar framover,

og korleis viktige drivarar i Øygarden kan påverka desse. Avdelinga har også arbeida fram metode og framlegg til ny senterstruktur i kommunen.

Ei aktiv og engasjerande høyringsrunde vitnar om at kommunen har lukkast i å involvera breitt i å utarbeida den første samfunnssdelen til kommuneplanen. Samhandling og samarbeid er avgjerande for å lukkast i å nå måla våre, og dette vil vera viktige satsingsområde i den vidare oppfølginga av samfunnssdelen.

Folkehelse

Det strategiske arbeidet med folkehelse er lagt til avdelinga for areal og samfunnsplan, og avdelinga har eit viktig koordineringsansvar for å sikra at folkehelseoversikta vert lagt til grunn for planlegging og utvikling av kommunen. Dette er først og fremst ivaretake gjennom arbeidet med planstrategi og samfunnsplanen, der identifiserte folkehelseutfordringar er tolka i lys av berekraftmåla. Gjennom politiske prosessar har Øygarden valt ut åtte berekraftmål som skal ha særleg fokus framover, og som bygger på lokale utfordringsbilete som er identifiserte i blant anna folkehelseoversikta. Avdelinga arbeidar også med å bistå organisasjonen i viktige folkehelsespørsmål. I oppfølginga av samfunnssdelen vil arbeidet med folkehelse i stor grad handla om å lukkast med innbyggjarinvolvering og samarbeid på tvers av fag og aktørar.

Miljøløftet

Miljøløftet er namnet på partnarskapet og gjennomføringsorganet for byvekstavtalen, som Øygarden kommune vart tilslutta gjennom vedtak i Kommunestyret 20.02.2020. Nullvekstmålet ligg til grunn for byvekstavtala; «*I byområda skal klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy reduserast gjennom effektiv arealbruk og ved at veksten i persontransporten blir teken med kollektivtransport, sykling og gange*». Hovudføremålet med samarbeidet er å fremja prosjekt som medverkar til å nå mål om nullvekst, og avtala har fire satsingsområde;

- Gange og sykkel
- Kollektivtransport
- Innfartsparkering
- Miljøvenleg teknologi og innovasjon

I 2021 har Miljøløftet vore prega av omorganisering. Styringsgruppa vedtok ny organisering hausten 2021, med implementering frå oktober 2021. I 2021 har Øygarden kommune hatt fokus på å fremja konkrete prosjekt som er finansiert gjennom Miljøløftet. I 2022 vil det vera avgjerande å sikra god samordning og prioritering av prosjekt inn mot Miljøløftet, slik at kommunen får god utbytte av byvekstavtala.

Sotrasambandet

Sotra Link vart i 2021 valt som OPS leverandør for Sotrasambandet. Sambandet skal stå klart til opning 01.07.2027.

Oppstart arbeid med Northern Lights-prosjekt i Energiparken

I januar starta arbeidet med Northern Lights-prosjektet. Prosjektet vil ha stor betydning for både Øygarden kommune og Noreg som nasjon i høve arbeidet mot det grøne skiftet, og omhandlar m.a. karbonfangst, skipstransport og lagring av CO₂. I mai la statsminister Erna Solberg ned grunnsteinen for administrasjonsbygget til Northern Lights, og i november vitja tidlegare olje- og energiminister Marte Mjøs Pedersen anlegget.

Gjennomføring av 17 mai saman med Brannvesenet:

4 kortesjar køyrt Øygarden rundt, på kryss og tvers. Kortesjane bestod av bilar, lastebilar, traktorar, motorsyklar, bussar, til saman bidrog det motoriserte toget til ei flott bursdagsstemning i heile kommunen. Kortesjane ble streama «minutt for minutt» Digital fellesunderhaldning gjekk ut frå bibliotekscena same dag.

22.juli - 10 år sidan terrorangrepet mot regjeringskvartalet og sommarleiren på Utøya

Det vart gjennomført minnemarkering ved Stranda skule den 22. juli for å markera at det var 10 år sidan terrorangrepet mot regjeringskvartalet og AUF-leiren på Utøya. Det vart lagt ned fleire kransar.

Opning av kunstverket Blå Korall på Ormhilleren

I øsande, påsande Øygardshøstvær møtte om lag 40 ivrige turgårar til guida tur med avduking av kunstverket Blå korall som avslutning. Kunstverket er utforma av kunstnar og keramikar Helene Kortner og ligg heilt nede ved sjøkanten i Ormhilleren friluftsområde, som blir forvalta av Bergen og Omland Friluftsråd, og gir ein ny oppleving i det populære turområde.

Sertifisering av Øygardskjennare

I nye perler i Nordsjøløypa blei 22 nye guidar utdanna som «Øygardskjennarar». Ein sertifisert Øygardskjennar er ein som er turguide med lokalkunnskap om historia bak mange av dei populære turmåla i kommunen vår.

Reinhald

Behovet for og fokuset på godt reinhald har auka som følgje av pandemien.

Reinhaldsavdelinga består av om lag 120 fast tilsette og eit titals ringevikarar frå meir enn 20 ulike nasjonar. Dei har for tida ansvar for reinhaldet på 110 tenestestader. I tillegg til reinhald av alle bygg med kommunale tenester, har reinhald også oppdrag for private helseverksemder som leiger i kommunale bygg og for interkommunale føretak eller aksjeselskap som er knytt til kommunen. Dei har dessutan reinhaldet for Øygarden kyrkjelege fellesråd (kyrkjekontor og alle kyrkjene).

Godt reinhald er avgjerande for helse og trivnad for brukarane og for å forlengja levetida og redusera vedlikehaldskostnadene for kommunale bygg. Reinhaldsarbeidet vert utført etter interkommunal norm for standard og kvalitet (eit samarbeid mellom kommunane Alver, Askøy, Bergen, Osterøy og Øygarden), og omfattar både dagleg og periodisk reinhald og hovedreingjering. Reinhaldsavdelinga satsar på bruk av godt utstyr og gode maskiner og minst mogeleg kjemikaliar, og har kontinuerleg fokus på opplæring i reinhaldsoperatørfaget. Meir enn ein fjerdedel av reinhaldarane har teke fagbrev innan reinhaldsoperatørfaget, og avdelinga har framleis bedriftsintern opplæring der ein av dei mest erfarte reinhaldarar driv trenings- og repetisjonsskule på eigen arbeidsplass. Her får andre fast tilsette og vikarar trena seg på arbeidsprogram og bruk av reinhaldsmaskiner.

I periodar med høgt fråvær har det vore utfordrande å finne vikarar ettersom alle har vore i sving, og tidvis har reinhaldsavdelinga vore naud til å nedprioritere reinhaldet ved administrasjonsbygg (der mange har hatt heimekontor) for å prioritere helse og oppvekst.

Arbeidsmiljømessige konsekvensar av Covid-19

- Det har vore utfordrande å ivareta nytilsette når ein er på heimekontor.
- Fordi ein ikkje har vore samla fysisk, har det vore vanskeleg å bygge organisasjonen, både når det gjeld kultur og praktisk organisering.
- Teams-møte gjev redusert deltaking, særleg når det er mange tilstades.

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %	
	2020	2021	2021			
5000-Kommunalsjef kultur og samfunn	4 201	1 048	17 402	-16 354	-1560,0 %	!
5110-Kultur	38 810	42 151	38 302	3 849	9,1 %	✓
5210-Plan, geodata og oppmåling	12 229	20 308	17 565	2 743	13,5 %	✓
5310-Byggesak	6 002	6 788	5 185	1 603	23,6 %	✓
5410-Eigedom- drift og vedlikehald	140 500	144 285	169 453	-25 168	-17,4 %	!!
5510-Reinhald	64 099	69 518	71 217	-1 699	-2,4 %	!!
Sum	265 841	284 098	319 124	-35 026	-12,3 %	!!

Kommentar til status økonomi

Kultur og samfunn har eit samla meirforbruk på kr 35 mill. Hovudårsakane til meirforbruket er auka energikostnadjar og forlik Knappen Sjø.

Kommunalsjef Kultur og samfunn

Forlik Knappen Sjø er ført under kommunalsjef Kultur og samfunn og utgjer kr 14 mill.

Kultur

Kultur har eit mindreforbruk på kr 3,8 mill. Det har vore stengte ungdomsklubbar gjennom store delar av året, avlyste aktivitetar retta mot eldre, samt to stillingar som har stått vakant.

Plan, geodata og oppmåling

Plan, geodata og oppmåling har eit mindreforbruk på kr 2,7 mill. Årsaka til mindreforbruket er at stillingar har vore vakante ved permisjon og sjukmelding (langtid).

Byggesak

Byggesak har eit mindreforbruk på kr 1,6 mill.

Eigedom, drift og vedlikehald

Eigedom, drift og vedlikehald har eit meirforbruk på kr 25,2 mill i 2021. Årsaka til meirforbruket er høge energiutgifter pga aukande strømprisar i 2021. Det er også meirforbruk knytt til brøyting og bruk av strøsalt som skuldast kald og lang vintersesong.

Reinhald

Reinhald har eit meirforbruk på kr 1,7 mill knytt til løn ferievikarar.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2021	Avvik i kr
Løn	160 189	174 853	187 739	186 080	1 659
Refusjon løn	-6 386	-3 111	-6 407	-7 216	809
Sum Løn	153 803	171 742	181 332	178 864	2 468
Kjøp av varer og tenester	157 711	147 073	162 083	180 827	-18 745
Overføringer	43 646	31 864	33 255	65 746	-32 491
Finansutgifter	8 502	5	5	8 870	-8 865
Sum Utgifter	209 859	178 942	195 343	255 443	-60 101
Salsinntekter	-47 703	-58 785	-60 117	-58 991	-1 126
Refusjonar	-43 121	-29 108	-29 699	-46 641	16 942
Overføringsinntekter	-4 986	-1 060	-1 060	-4 609	3 549
Finansinntekter	-2 012	0	-1 700	-4 941	3 241
Sum Inntekter	-97 822	-88 953	-92 576	-115 183	22 607
Netto resultat	265 841	261 731	284 098	319 124	-35 026

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Øygarden 2020	Øygarden 2021	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Brutto driftsutgifter til funksjon 121, Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen, i kr. pr. i (B)	193	186	439	64	160	235	393
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (265) Kommunalt disponerte boliger (B)	607	727	794	1 352	711	1 143	1 401
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (301)	372	426	474	249	220	330	371
Plansaksbehandling (B)	71	78	148	7	69	93	131
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (329)							
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling (B)							
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner (B)	1 943	2 134	1 992	2 632	1 872	2 520	2 670
Netto driftsutgifter per innbygger (370) bibliotek (B)	285	308	330	333	281	297	308
Netto driftsutgifter per innbygger (375) muséer (B)	122	125	22	154	61	54	89
Netto driftsutgifter per innbygger (380) idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg (B)	53	20	159	115	253	181	252

Netto driftsutgifter per innbygger (381) kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (B)	690	907	420	715	359	775	686
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B)	1 563	1 709	2 718	2 044	2 575	2 303	2 852
Produktivitet							
Behandlede byggesøknader i alt (antall)	396	637	356	267	664	6 509	77 569
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	259 006	342 903	134 434	132 268	131 543	206 409	183 291
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	21 837	25 845	22 599	24 820	24 355	22 795	23 391
Kvalitet							
Antall søknader per 1000 innbyggere	4,0		7,0	5,0	4,0	7,0	7,0
Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb	144	180	39	88	113	148	118
Besøk i folkebibliotek per innbygger	2,2	2,9	1,9	4,4	2,5	2,7	3,0
Besøk per kinoforestilling	11,9	12,5	19,6	23,3	14,2	16,7	16,6
Økonomi							
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	998	1 227	1 414	1 257	1 516	1 346	1 502

Plansaksbehandling: Korrigerte brutto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbyggjar er kr 426 for Øygarden kommune, noko som er meir enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Kultur: Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar er kr 2 134 for Øygarden kommune. Dette er lågare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Netto driftsutgifter til bibliotek per innbyggjar er kr 308 og likt som landsgjennomsnittet, men høgre enn gruppe 10. Netto driftsutgifter til muser per innbyggjar er kr 125 som er over dobbelt så mykje som gjennomsnittet i gruppe 10 og langt over landsgjennomsnittet. Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg per innbyggjar er kr 907 som er langt høgre enn gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskular er lågare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Byggesak: talet på behandla byggesøknadar er auke markant frå 2020 til 2021.